



**INNKALLING TIL  
MØTE I  
REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER**

**TIL STYREMEDLEMMENE I RNH**

**Dato: Torsdag 08.11.2012  
Stad: Kommunehuset i Eidfjord  
Tid: Kl.09.30**

**Agenda:**


**Klokka 09.30 Møte i Regionalt Næringsfond Hardanger  
Klokka 12.30 Lunsj i kantina  
Klokka 13.00 Presentasjonar  
Klokka 13.30 Hardangerrådsmøtet  
Klokka 15.00 Møteslutt**

**Til sakshandsaming RNH:**

 **RNH – sak 01/12 Meldingar**

 **RNH - sak 02/12 Tilbakeføring av unytta tilsegner.**

 **RNH – sak 03/12 Bruk av skjønsmidler i tilsegn 2012**

 **RNH – sak 04/12 Tildeling av midlar frå Regionalt Næringsfond Hardanger 2012**

 **RNH – sak 05/12 Innspel til Skjønsmidler 2013.**

Styremedlem som ikkje kan møta, kallar sjølv inn varamedlem. Meld dette til Trude L. Rinaldo 53 67 14 50.

Ta kontakt med Leiv Vambheim dersom det er spørsmål til innkalling og saker.

**Kinsarvik 01.11.2012**

**Ingebjørg Winjum/s  
Leiar RNH**

**Leiv Vambheim  
Dagleg leiar**



Hardanger

## Saksutgreiing 2012 til Regionalt Næringsfond Hardanger

Møtedato 08.11.2012	Saksansvarleg: Leiv Vambheim
Fondsstyret til Regionalt Næringsfond Hardanger	Sakshandsamar: Leiv Vambheim

### RNH – sak 01/12 Meldingar

Rapport 2011 til HFK  
Tildelingsbrev HFK 2012  
Utlysing av midlane for 2012  
Retningsliner for RNH av 04.12.2008  
Tilsagnslistar 2004-2011

Møtedato 08.11.2012	Saksansvarleg: Leiv Vambheim
Fondsstyret til Regionalt Næringsfond Hardanger	Sakshandsamar: Leiv Vambheim

### RNH – Sak 02/12 Kansellering/tilbakeføring av unytta tilsegn 2008, 2009 og 2010

I retningslinene av 04.12.2008 under sakshandsaming 3.dje kulepunkt står det at "Tilsegn om fondsmidlar frå RNH skal normalt trekkjast inn etter 12 månader dersom dei ikkje er utbetalte". Dette tolkar me slik at tilsegn som ikkje er igangsette innan 12 månader skal kansellerast/trekkjast inn. Tilsegn som er igangsette, men ikkje ferdige er me tolmodige på å trekkja inn. Tilbaketrekte midlar vert då ført tilbake til Udisponerte midlar i fondet.

Me har eit etterslep på dette området og vurderer det år for år. I denne saka ser eg på 2008, 2009 og 2010 der eg tilrår å trekkja inn følgjande ikkje igangsette:

Tilsegn 51/08 Utvikling av verksemd i Jondal, Klakje as	150.000 kr
Tilsegn 01/09 Hardangerlokk, Kvam herad	250.000 kr
Tilsegn 22/09 Aktivtetsutvikling, Røldal Servicebygg AS	80.000 kr
Tilsegn 23/09 Over Bekken, Hardanger og Voss museum	75.000 kr
Tilsegn 25/09 Praksisnær undervisning, Hjeltnes vgs	125.000 kr
Tilsegn 31/09 Produktpakkar for Folgefonnhalvøya, Folgefonni Breførlag	100.000 kr
Tilsegn 32/09 Næringsutvikling Grimo/Hauso/omegn, Prodex	20.000 kr
Tilsegn 35/09 Arboristfagutdanning, Hjeltnes vgs	100.000 kr
Tilsegn 20/10 Utvikle Hardanger Kunstsenter, H Kunstsenter	65.000 kr
Tilsegn 30/10 Entreprenørskap i skulen, UE Hardanger	100.000 kr
Tilsegn 37/10 Utvikling restaureringsnettverk i Hardanger, RIO	50.000 kr
Sum	1.115.000 kr

### Framlegg til vedtak:

Desse tilsegna vert trekte inn og tilbakeførte fondet:

Tilsegn 51/08 Utvikling av verksemd i Jondal ved Klakje as	150.000 kr
Tilsegn 01/09 Hardangerlokk, Kvam herad	250.000 kr
Tilsegn 22/09 Aktivtetsutvikling, Røldal Servicebygg AS	80.000 kr
Tilsegn 23/09 Over Bekken, Hardanger og Voss museum	75.000 kr
Tilsegn 25/09 Praksisnær undervisning, Hjeltnes vgs	125.000 kr
Tilsegn 31/09 Produktpakkar for Folgefonnhalvøya, Folgefonni Breførlag	100.000 kr
Tilsegn 32/09 Næringsutvikling Grimo/Hauso/omegn, Prodex	20.000 kr
Tilsegn 35/09 Arboristfagutdanning, Hjeltnes vgs	100.000 kr

Tilsegn 20/10 Utvikle Hardanger Kunstsenter, H Kunstsenter	65.000 kr
Tilsegn 30/10 Entreprenørskap i skulen, UE Hardanger	100.000 kr
<u>Tilsegn 37/10 Utv. restaureringsnettverk i Hardanger, RIO</u>	<u>50.000 kr</u>
<b>Sum</b>	<b>1.115.000 kr</b>

Møtedato 08.11.2012	Saksansvarleg: Leiv Vambheim
Fondsstyret til Regionalt Næringsfond Hardanger	Sakshandsamar: Leiv Vambheim

### **RNH – sak 03/12 Bruk av skjønsmidler i tilsegn 2012**

Regionalt Næringsfond Hardanger får tildelt 3.334.000 kr til disponering i 2012. I tilsegnsbrevet står det at det er spesifikke føresetnader for tildelinga og at 500.000 kr går til investering i utstyrt ved «2 nye studiesentert for Nettbasert høgskulestudie i Hardanger».

Bakgrunnen for dette er at RNH i innspel til Fylkeskommunen søkte om dette som skjønsmidler for 2012. Styret i RNH gjorde slikt vedtak 10.11.2012:

«Regionalt Næringsfond Hardanger tilrår at skjønsmidler for 2012 får slik prioritering: Etablering av Studiesenter i kommunar i Hardanger med grunnlag i SHiH og Studiesenteret.no og etablering av Distribuert Næringshage i Hardanger er tiltak med felles nytte som ved fullfinansiering er klare for realisering. Dagleg leiar utformar søknaden. Ellers vil styret i RNH peika på følgjande andre aktuelle tiltak for skjønsmidler i Hardanger:

- Samarbeidsprosjektet "Høgskulekoordinator og kompetansemeklar i Hardanger".
- Internasjonal satsing i Hardanger, Internasjonal konsulent, EU-regionsamarbeid.
- Kompetanseheving i verksemdene – samarbeid Hardangerverksemdar og Høgskular/universitet.
- Hardanger Utvikling – samordning av utviklingsressursane i Hardanger.
- Hardanger 2014 – nasjonal hovudmarkering av 1814 i Hardanger.»

Dette har eg følgd opp i søknad om 600.000 kr frå Fylkeskommunen 2012. Tildelinga var på 500.000 kr.

#### **Framlegg til vedtak:**

**Regionalt Næringsfond Hardanger viser til tilsegn frå Hordaland Fylkeskommune og overfører 500.000 kr til Stiftinga Høgskule i Hardanger ved styreleiar John Opdal til investering i utstyrt ved «2 nye studiesentert for Nettbasert høgskulestudie i Hardanger».**

Møtedato 08.11.2012	Saksansvarleg: Leiv Vambheim
Fondsstyret til Regionalt Næringsfond Hardanger	Sakshandsamar: Leiv Vambheim

### **RNH – sak 04/12 Tildeling av midlar frå Regionalt Næringsfond Hardanger**

#### **Saksvedlegg:**

1. Søkjarliste 2012.
2. Saksutgreiingane (41 saksutgreiingar)

#### **Saksutgreiing:**

I tråd med dei gjeldande retningsliner for RNH så er informasjon om fondet offentleggjort i lokalavisene med søknadsfrist 01.09.2012

Utlysingar om fondet er også lagt på Hardangerrådet si heimeside, kommunale heimesider og med informasjon til næringsorganisasjonar.

Hordaland Fylkeskommune har i tilsegnsbrev av 10.09.2012 tildelt Hardanger 3.334.000 kr brutto til utdeling og drift av Regionalt Næringsfond Hardanger for 2010. Av desse er 500.000 kr skjønstilskot som er øyremerka 2 nye studiesenter.

Som vanleg vert det tilrådd disponert 10 % til Hardangerrådet iks for å administrera RNH inklusive utgifter til sakshandsamartenester. Eg ser det som naturleg og riktig å halda

skjønsmidlane utanfor og ber om 283.000 kr . Spørsmål om å følgja intensjonen om 20 % fondsavsetjing til buffer for seinare år er vanskeleg også dette året. Me får for lite midlar til disposisjon i høve formåla i søknadane. Auka rammer er vel ikkje å forventa, men arbeidet med eit eige regionalt kraftfond bør takast opp att politisk. I saksframstillinga har eg lagt opp til ca 10 % avsetjing: Rammene for saksutgreiing og tilråding er då slik disponering av midlane:

Tildeling Hordaland FK		3.334.000
Øyremerka	-500.000	
Adminstrasjon 10 %	-283.000	
Fondsavseting ca 10 %	-283.000	
Førehandsdisponert	-1.066.000	-1.066.000
Til disposisjon tildeling		2.268.000

### Økonomisk oversikt 2011.

Overført frå 2010 for disponering i 2011	1506582
Tilført frå Hordaland fylkeskommune 2011	2848000
Tilført frå andre i 2011/Skjønsmiddlar <sup>1)</sup>	560000
Tilbakeførte tilsegn i 2011	0
Renteinntekter og andre tilførsler	133081
<b>SUM TIL DISPOSISJON I 2011</b>	<b>5047663</b>

Tilsegn gitt i 2011 <sup>2)</sup>	2631000
Administrative kostnader belasta i 2011	285000
Andre disponeringar <sup>3)</sup>	780000
Skjønsmiddlar <sup>1)</sup>	560000
Overført for disponering i frå 2011	791663
<b>SUM DISPONERT I 2011</b>	<b>5047663</b>

### Vurdering

De er kome inn ialt 41 søknaden og innan søknadsfristen 39 søknader. 2 søkjarar fekk utsett frist, men alle søknadane var innleverte før sakshandsaminga starta. Ut frå tidlegare praksis i styret for RNH så vert slike for seint innkomne søknader godtekne å ta med.

Samla søknadssum er på 10.983.000,- kr.

Tal søknader og breidda i søknadane viser at dette fondet er godt kjent og at fleire av søkjarane rettar dokumentasjonen sin inn etter retningslinene. Men fleire søknader viser at dei søker midlar som ikkje er i tråd med retningslinene, spesielt til investering og drift. Det er naturlege variasjonar kva kommune søknadane har opphav i, men dei fleste søknadane har regionalt nedslagsfelt som grunnlag. Søknadane er ulikt dokumenterte, og dei fleste tiltak fell innanfor retningslinene sine 5 strategiar, Regionalt Utviklingsprogram Hordaland sine strategiar og kan visast til Kommunal og regionaldepartementet sine kategoriar for tildeling. Søknader som dreiar seg om midlar til investering eller til drift vert vurderte som ikkje aktuelle innanfor fondet sine retningsliner. Dei fleste søknadane har urealistiske forventningar til støtte, enten tek dei i eller så er finansieringsplanen håpefull.

Eg har vurdert rammene og tilrår til 26 søknadar for tildeling. Eg tilrår å gi reduserte tilsegn til dei fleste, dels fordi omfanget på søknadane var urealistisk høge og dels for å støtta fleire søkjarar. Litt om prioriteringane i arbeidet:

- Landbruksbaserte tiltak er framleis prioriterte ut frå filosofien i Hardangerrådet om å vidareutvikla landbruket i regionen i tråd med erfaringane frå Toscana og i forlenging av kontakten med Slow Food. I alt er det tilrådde 7 av 8 søknader med tilsegn til 650.000 kr.
- Tiltak som understøttar kulturnæringar eller kulturbasert næringsutvikling og har filosofi i samsvar med Hardangerscenarier 2030, tilrådde 5 av 7 søknader til 500.000,- kr.

- Kompetansetiltak har 2 av 4 tilrådde med 70.000,- kr 2012 og 277.312 kr frå fond 2007.
- Reiseliv/ samfunnsutvikling er eit av satsingsområda regionalt og der er tilrådd 3 av 5 søknader til 430.000 kr. Ordinær kafedrift og -investering fell utanfor vedtektene.
- Innan utvikling/utbygging er det tilrådd 5 av 6 tilsegn med 252.000 kr og ein søknad på 250.000 kr overlate til Hardangerrådet.
- Ungdomstiltak er det tilrådd 2 tilsegner med 160.000 kr.
- Det står disponibelt på fond 791.663 kr då styret i 2011 brukte 780.000 kr frå avsetjingane tidlegare. Når fondsavstjingane vert nytta er me opptekne av å rydda bakover og bruka «gamle» avsetjingar. For 2012 tilrår eg å nytta 277.312 kr frå avsetjinga i 2007. Me tilførsel på 289.000 i 2012 så er fondet ikkje svekka.

### **Framlegg til vedtak:**

#### **Regionalt Næringsfond Hardanger fordeler tildelte midlar 2012 slik:**

Søklarar	Søklar	Prosjektnamn	Omsøkt	Tilrådd	Frå fond
1	Haukeland data	TV-serie om boligbytte	50 000	20 000	
2	Destinasjon Voss	Ski heile året	400 000	100 000	
3	Sven-Helge Pedersen	SlowFjord Hardangerfjorden	150 000	150 000	
4	Hard. Fjorfrukt m fl	Motivasjon og stimulering	200 000	100 000	
5	Klakje as	Visit Fonna	150 000	50 000	
6	Hard & Voss Museum	Kulturelle Fjorden Hovudp	200 000	100 000	
7	Universitetet i Bergen	Hard kult/nat.hist -Apputvikl	300 000	0	
8	Destinasjon Voss mfl	Aktiv heile året	300 000	150 000	
9	Artel Larsen	Kortreiset appar	77 000	77 000	
10	Rajananad Dhananjaya	Klimaskip	2 400 000	0	
11	Kvitno Gjestegard	Gardsturisme	115 000	50 000	
12	Stift. Høgskule i Hard	Næringsretta kompetansehe	70 000	70 000	
13	Arne Kristian Teigland	Bygdagnist	125 000	100 000	
14	Tina Fjetland m fl	Lille kaffi huset	342 000	0	
15	Robert Koesharto	Hard. BaseCamp vidareut	180 000	100 000	
16	Destinasjon Ulvik	Turstiar Ulvik Granvin	126 000	50 000	
17	Kvam Næringsråd Reisel	Turstiar i Kvam	50 000	50 000	
18	Hard Saft & Siderfabrikk	Eplemask til ressurs	800 000	100 000	
19	Gro T. Kolbotn mfl	Gimle spisestad Odda	200 000	0	
20	Fonnafest	Samarbeidsprosjekt	20 000	20 000	
21	Hard. Ungdomsråd	Demorkatiprojektet	280 000	140 000	
22	Hardangerrådet	Hardanger 2014	200 000	200 000	
23	Reisemål Hard. Fjord	Opplev frukt ot bær	165 000	100 000	

24	Elisabeth Hauge m fl	Buer Gardstursime	75 000	50 000	
25	Strandebarm Næringsp	Utvikling av SN	200 000	0	
26	Tove Lillequist m fl	Jondal Sommercamp	108 000	30 000	
27	Hard. bade & velvære	Nytt prosjektarbeid	500 000	100 000	
28	Hardanger Kunstskeule	Etablering	300 000	0	
29	Hard. Og Voss museum	Hardingfelesenter Hovudpro	200 000	200 000	
30	Hardanger Næringsråd	Webside utvikling	85 000	65 000	
31	Næringsshagen i Odda	Distribuert Næringshage Hard	250 000	0	
32	Håkon Gjerde m fl	Kveik Bryggghus	200 000	100 000	
33	Smelt Cafe Odda	Smak av Hardanger	20 000	0	
34	Kjell Kjerland m fl	Bakeri i Granvin	500 000	0	
35	Næringsshagen i Odda	Auka forståing for energi UE	85 000	0	
36	Stiftinga Høgskule i H	Komp.meklar&Høgskulekoor	300 000	0	277 312 Fond 2007
37	Næringsshagen i Odda	Skule næringsliv Odda Ullensvang	200 000	0	
38	Marit Synnøve Børve	Original Hard. Vidareutvikl	60 000	0	
39	Røldal OppNed	Dagleg leiar	600 000	0	
40	Hard.& Voss Museum	Turellutstilling Kabuso	300 000	0	
41	Hard.& Voss Museum	Kulturelle Fjorden forprosj	100 000	100 000	
	Sum		10 983 000	2 262 000	277 312
	Øyremerka tilskot			500 000	
	Administrasjon			283 000	
	Fondsavsetjing			289 000	
	Sum			3 334 000	

Møtedato 08.11.2012	Saksansvarleg: Leiv Vambheim
Fondsstyret til Regionalt Næringsfond Hardanger	Sakshandsamar: Leiv Vambheim

### **RNH – sak 05/12 Innspel til Skjønsmidlar 2013.**

I tråd med retningslinene for tildeling til Regionale Næringsfond i Hordaland Fylkeskommune så er innretninga at 20 % av ramma vert sett av til særlege prioriteringar av Fylkesutvalet. Dette er midlar som Fylkesutvalet fritt disponerer til å stimulera særskilde satsingsområde i Regional Utviklingsplan (RUP), som mottiltak til visse utviklingstrekk eller for å stimulera spesielle gode prosjekt.

I 2007 fekk RNH 300.000 kr Cruise Destination Hardangerfjord

I 2008 fekk RNH 200.000 kr til Hardangerscenarier 2030 og til særlege næringsretta innsats i Ulvik herad.

For 2009 fekk RNH 200.000 kr til Hardanger Næringsråd og Entreprenørskap i vidaregåande skular.

For 2010 fekk RNH 400.000 kr til Team Hardanger og kompetanseutvikling på det området.

For 2011 fekk RNH 560.000 kr til Ungt Entreprenørskap.

For 2012 fekk RNH 500.000 kr til 2 nye studiesentert for Nettbasert høgskulestudie i Hardanger.

Vanlegvis har styret i RNH ei drøfting av kva innan RUP-området som ein bør spela inn ønskje om ekstramidlar til neste år og slik signalisera satsingsområda.

Eg viser til søknad nr 36 og tilrår at det for 2013 vert søkt ekstramidlar til samarbeidsprosjektet **“Høgskulekoordinator og kompetansemeklar i Hardanger”** Dette er planlagt som eit 2 årig prosjekt i åra 2013-2014 med plan om å halda frå av eigen tyngde når kommunar og næringsliv i regionen ser resultata av arbeidet. Hardanger er utan sjans om å få eigen høgskule og ser nytten av å byggja på Stiftinga Høgskuleundervisning i Hardanger (SHiH). I samarbeidsavtalen med Høgskulen i Bergen vil dette kunna vera svært nyttig for tiltrekking av høgskuleutdanna tilflyttarar til Hardanger. Slik eg ser det er det vanskeleg for kommunane i tronge tider å bidra i tråd med planen så eg tilrår å søkja om 600.000 kr for prosjektperioden.

Ellers er gode tiltak å søkja om:

- Distribuert Næringshage i Hardanger. Med utgangspunkt i Næringshagen i Odda etablera nodar i kommunane i Hardanger. Arbeidet er godt i gang og eg reknar med at det kan realiserast. Behovet her er 600.000 kr i prosjektperioden.
- Internasjonal satsing i Hardanger – internasjonal konsulent, EU-regionsamarbeid med meir. Her har me mykje upløgd mark og stort potensiale. Me har samarbeid med Japan-Hardanger Club (med mogeleg utviding til Brasil), Greve in Chianti, Toscana, Samtalar med Lombardia og eit oppstarta arbeid med SlowFood. Her er nok å ta i og internasjonalisering er nettverksbygging og kostar. Også her er 600.000 kr aktuell søknadssum.
- Kompetanseheving i verksemdene – samarbeid Hardangerverksemdar og Høgskular/universitet. Stiftinga Høgskule i Hardanger er tiltenkt å driva dette. Dette er næringsretta og livsviktig for framtida til næringslivet i Hardanger. Kanskje vert dette næringsstøtte etter EØS??
- Hardanger Utvikling – samordning av utviklingsressursane i Hardanger. Eit arbeid i tråd med prosjektoppgåva ved HiB i samband med Etablerarfagskuleringa.
- Hardanger 2014 – nasjonal hovudmarkering av 1814 i Hardanger. Dette er eit kunst og kulturprosjekt i tråd med Hardangerscenarie 2030.

Eg ber styret tenkja gjennom innspel for bruk av skjønsmidlar slik at me kan senda framlegg til HFK om skjønsmidlar for 2013. Det er viktig med god argumentasjon og at dette er tiltak i tråd med RUP-en. Me bør også prioritera våre eigne innspel.

### **Framlegg til vedtak.**

Regionalt Næringsfond Hardanger søker Hordaland Fylkeskommune om skjønsmidlar til arbeidet med **“Høgskulekoordinator og kompetansemeklar i Hardanger”**. Dagleg leiar utformar søknaden

# REGIONALE NÆRINGSFOND – ÅRSRAPPORT FOR 2011.

Frist 1. mars

REGION: \_\_\_\_\_ HARDANGER \_\_\_\_\_

**DEL 1. OVERSIKT OVER TILSEGN GITT I 2011.** Eit prosjekt/tilsegn skal ikkje splittast på fleire innsatsområde, men plasserast der det mest naturleg hører heime. (Sett inn og ta bort linjer etter behov)

INNSATSOMRÅDE I RUP 2011:	TILTAK/PROSJEKT	SØKJAR/MOTTAKAR	INVOLVERTE KOMMUNAR	PROSJEKT-KOSTNAD	TILSEGN SUM
<b>A. NÆRINGAR MED SÆRLEGE FØREMONER</b>					
	<b>Sum energi:</b>				<b>0</b>
	<b>Sum marine næringar:</b>				<b>0</b>
	<b>Sum maritime næringar:</b>				<b>0</b>
<b>A4 REISELIV</b>	Utvikling Hardangermeny	Hardangermeny		468000	100000
	Norges vakraste sykkeltur	Kramsjø		430000	30000
	Utvikling Gardsturisme	Paul Wallevik		275000	50000
	Hardangerkart forprosjekt	RHF		142000	45000
	Opplev frukt og bær	RHF		2368000	75000
	Den kulturelle fjorden	Hard. og Voss museum		1020000	100000
	Omregulering av området	Espelandsdalen camp		85000	15000
	Eidfjord Iglo Landsby	Flatearth		337000	50000
	Freeworld Tour	Røldal Freeride		4000000	50000
	Gjesteundersøking	RHF		155000	120000
	Vandring i Hordaland	Sunnhordaland		1460000	30000
		<b>Sum reiselv:</b>			<b>10740000</b>
<b>A5 KULTUR-NÆRINGAR</b>	Pulserande kunstnarhus	Kunstnarhuset messen		625000	50000
	Litteratursymposiet i Odda	Litteratursymposiet		2410000	150000
	Vestlandstreffet 2012	Vestnorsk Filmsenter		550000	100000
	Utvikling kulturbasert næring	Toril børsheim		150000	25000
	Forprosjekt Hardingfelesenter	Hard. Og Voss museum		850000	325000
	James turell i Hardanger 2012	Kabusø		1830000	20000
	Filmlocation katalog	AG3film		264000	100000
	Produktutvikling Hardanger PinUps	HardangerPinUps		185000	30000
	Utvikling Galleri	Galleri Puls		320000	30000



	Eikjetunet lefsebakeri	Eikjetunet		95000	26000
	<b>Sum kulturbaserte næringer:</b>			<b>7279000</b>	<b>856000</b>

<b>INNSATSOMRÅDE I RUP 2011:</b>	<b>TILTAK/PROSJEKT</b>	<b>SØKJAR/MOTTAKAR</b>	<b>INVOLVERTE KOMMUNAR</b>	<b>PROSJEKT-KOSTNAD</b>	<b>TILSEGN SUM</b>
----------------------------------	------------------------	------------------------	----------------------------	-------------------------	--------------------

<b>B. NÆRINGSRETTE KOMPETANSE</b>	Distribuert næringshage i Odde	Næringshagen i Odde		295000	110000
	Næringskonferansen	Næringshagen i Odde		265000	45000
	Vidare utredning	Odde Coating T.		100000	50000
	Oppstart Ei betre helse	Jorunn Pile		695000	150000
	Næringsretta kompetanseheving	SHIH		940000	75000
	<b>Sum næringsretta kompetanse:</b>				<b>2295000</b>
<b>C. ENTREPRENØRSKAP OG INNOVASJON</b>	Innovasjonsretta forprosjekt	Lingalaks		12600000	75000
	Sjølve etableringa av skulen	Hardanger kunstskule		3000000	50000
	Hyttebytte	IT drift		473000	30000
	Kommunikasjonsbedrift	Mari S. Hansen		349000	10000
	Look to Odde VGS	Odde VGS		1600000	50000
	<b>Sum entreprenørskap og innovasjon:</b>				<b>18022000</b>
<b>D. INTERNASJONALISERING</b>	Hardangerfjord i Greve	Team hardanger		770000	100000
	<b>Sum internasjonalisering:</b>				<b>770000</b>
<b>E. LIVSKRAFTIGE LOKALSAMFUNN</b>	Matkjedlaren i Hardanger	Matkjedlaren		466000	20000
	Inn på tunet – Alternativ skuledag	Nina Herland		154000	20000
	Planlegging campingplass på Bu	Astri Røte		367000	15000
	Sider frå Hardanger med mindre alkohol	Hardanger Siderprod.		415000	30000
	Småbåthavn i Granvin	Granvin Båtlag		313000	50000
	Utviklingsprosjekt Jondalstunnellen	Jondal kommune		813000	200000
	Livskraft og Tradisjon	Syse Gard		180000	30000
	<b>Sum livskraftige lokalsamfunn:</b>				<b>2708000</b>
<b>Sum utafør innsatsområda i RUP:</b>					<b>0</b>
<b>SUM BRUTTO PROSJEKTKOSTNADER OG TILSEGN I 2011 (side 1 og 2)</b>				<b>41501000</b>	<b>2631000</b>

## DEL 2. OVERSIKT OVER DISPONERINGA AV MIDLANE I 2011 ("BALANSE")

### TIL DISPOSISJON 2011

Overført frå 2010 for disponering i 2011	1506582
Tilført frå Hordaland fylkeskommune 2011	2848000
Tilført frå andre i 2011/Skjønnsmiddlar <sup>1)</sup>	560000
Tilbakeførte tilsegn i 2011	0
Renteinntekter og andre tilførsler	133081
<b>SUM TIL DISPOSISJON I 2011</b>	<b>5047663</b>

1) Sjå Del 4.

### DISPONERT 2011

Tilsegn gitt i 2011 <sup>2)</sup>	2631000
Administrative kostnader belasta i 2011	285000
Andre disponeringar <sup>3)</sup>	780000
Skjønnsmiddlar <sup>1)</sup>	560000
<b>Overført for disponering i 2011</b>	<b>791663</b>
<b>SUM DISPONERT I 2011</b>	<b>5047663</b>

2) Summen overføres frå Del 1.

3) Sjå Del 5 oversikt disponeringar

Stad og dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
(administrativ leiar av regionråd)

\_\_\_\_\_  
(styreleiar for regionalt næringsfond/regionråd.)

### DEL 3: ATTESTASJON AV REVISOR:

Føremålet med revisor sitt arbeid og rapportering for det regionale næringsfondet, er å stadfeste økonomisk informasjon registrert i årsrekneskapen. Revisor skal utføre kontrollhandlingar som gjev tilsegnsyttar ei forvissing om at opplysningane i årsrekneskapen er fullstendige og reelle, dokumenterte og korrekt registrert i rekneskapen.

**Avtalte kontrollhandlingar opp mot årsrekneskapen for det regionale næringsfondet er gjennomført.**

Stad og dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
(stempel og signatur av revisor)

**DEL 4: ORIENTERING OM DISPONERING AV SKJØNNSMIDLAR.** Dei regionane som har fått tilført skjønnsmidlar for 2011 gjer greie for bruken av desse midlane her. Sjå elles tilsegna.

**Skjønnsmiddlane for 2011, kr 560.000, er avsett til Ungt Entreprenørskap slik føresett i tilsegnet. Det er administrert av Næringshagen i Odda.**

**DEL 5: UTFYLLANDE OPPLYSNINGAR** (utvidast ved behov, helst ikkje meir enn 2 sider)

Kommenter lokale prioriteringar og andre forhold av relevans slik at dette saman med informasjonen i Del 1, 2 og 4 gjer eit fullgodt bilete av disponeringa av det regionale næringsfondet for 2011.

Det er gjort 3 disponeringar frå fondsavsetjingane:

Hardanger 2014 : kr. 360.000

Hardanger Breiband : kr. 210.000

Hardanger Næringsråd : kr. 210.000

SUM kr. 780.000


Stad og dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
(administrativ leiar regionråd)

\_\_\_\_\_  
(styreleiar regionalt n)



Hardangerrådet  
PB 78  
5782 KINSARVIK



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201206242-14/146/HANGLOP1

Dykkar ref.:

Bergen, 10. september 2012

## Tilskot til regionale næringsfond 2012 – Hardangerrådet IKS (Tilsegn 93-12RN – kr 3.334.000)

Fylkesutvalet gjorde den 29.08.2012 slikt vedtak i sak 184/12:

1. *Ramma for regionale næringsfond på kr 10.800.000 for 2012 vert fordelt slik:*

<i>Sunnhordland</i>	<i>3.130.000</i>
<i>Hardanger</i>	<i>3.334.000</i>
<i>Voss</i>	<i>1.258.000</i>
<i>Bjørnefjorden</i>	<i>642.000</i>
<i>Gode Sirklar</i>	<i>500.000</i>
<i>Osterfjorden</i>	<i>880.000</i>
<i>Nordhordland</i>	<i>1.056.000</i>

2. *Fylkesutvalet legg til grunn at også nabofylka bidreg med midlar til fylkesoverskridande regionale næringsfond dersom desse fonda skal støtte prosjekt i nabofylket.*

Hordaland fylkeskommune har gleda av å tildele Hardangerrådet IKS kr 3.334.000,- til det regionale næringsfondet for 2012.

Av den totale løyvinga på kr 10.800.000,- kr til regionale næringsfond, skal kr. 2.160.000,- (20%) brukast som skjønnsmidlar. Desse midlane har regionråda/tiltakskontora høve til å kome med innspel til bruken av. Samla har regionane, med unntak av Bjørnefjorden, gjeve innspel på aktivitetar til kr 2.510.000,- Fylkesutvalet har prioritert dei aktivitetane/prosjekta som har dei mest gjennomarbeida planane, og som er mest i tråd med prioriteringane i Regionalt utviklingsprogram 2012. For Hardangerrådet IKS er fylgjande lagt til grunn:

*Hardangerrådet ynskjer å gi støtte til to nye studiesenter i Hardanger, der målsetjinga er å gje nettbaserte høgskuletilbod i regionen med maksimum ein times reisetid til studiestaden. Beløpet skal gå med til nettbasert kommunikasjonsutstyr. Søkt beløp er kr 600.000,-. Tildeling kr 500.000,-.*

Prioritering av søknader og bruk av skjønnsmidlane vert vurdert av styret i regionrådet, og vilkår og retningslinjer for bruken er dei same som for resten av midlane til det regionale næringsfondet.

Midlar til regionale næringsfond er ein del av løyvinga til Hordaland fylkeskommune over Statsbudsjettet for 2012 «Kapittel 551 Post 60 Tilskott til fylkeskommunar for regional utvikling». Retningslinjer for forvaltning av regionale næringsfond blei fastsett av fylkesutvalet i mai 2007. Det blei lagt til grunn at retningslinjene skulle liggje mest mogleg fast då dette vil gje dykk som forvaltarar stabile rammer frå år til år. Retningslinjene blir difor vidareført for 2012, men skal gjennomgåast i løpet av hausten/vinteren 2012-2013.

## Målsettingar og strategiar for regionale næringsfond

Midlane skal medverke til å realisere fylkeskommunale mål for næringsutvikling, særleg innan næringsretta kompetanseutvikling, entreprenørskap og innovasjon, internasjonalisering, utvikling av livskraftige lokalsamfunn og utvikling av næringar med særlege føremoner i Hordaland. I RUP 2010 er mål og strategiar omtalt nærare. Her går det fram at dei regionale næringsfonda skal medverke til å løyse ut verdiskapingspotensialet i fylket sine regionar. I dykkar forvaltning av næringsfonda skal det også gå fram kva for eigne målsettingar og strategiar som blir vektlagt. Desse skal utdjupe dei fylkeskommunale målsettingane.

## Krav og retningslinjer

Fylkeskommunen har ikkje utarbeida eit felles regelverk for dei regionale næringsfonda i Hordaland. I staden gir vi nokre ramar for bruken av midlane i dei årlege tildelingsbrev. Her har vi både tatt inn aktuelle ramar frå KRD og dei rammene som fylkeskommunen sett for bruken av midlane. Det er så opp til kvart einskild næringsfond å lage sine eigne operative retningslinjer. I tråd med KRD sine retningslinjer for bruk av regionale utviklingsmidlar og vedtaket i fylkesutvalet 24.05.07 er det sett følgjande vilkår og retningslinjer for bruken av midlane:

- Kvinner, unge og innvandrarak er prioriterte målgrupper, og det er eit spesielt fokus på å auke talet på kvinner blant nye etablerarak til minst 40 %.
- Regionale næringsfond bør prioritere tiltak som gir nytte for meir enn ein kommune.
- Forvaltninga av midlane skal reflektere prioriteringane i Fylkesplanen og RUP.
- Midlane kan ikkje bli nytta til investeringar i, og/eller drift av statleg, fylkeskommunal eller kommunal velferdsproduksjon og offentleg forvaltnings- og forretningsverksemd. Dette gjeld også der private tilbydarar har teke over det operative ansvaret. Avgrensinga gjeld ikkje dersom tiltaka blir nytta til tilrettelegging for næringsareal eller liknande.
- Midlane kan ikkje bli nytta til direkte investeringar i eigenkapital i bedrifter.
- Midlane skal bli nytta i tråd med statsstøttereglane innanfor EØS-avtalen. Ordninga med regionale næringsfond er ikkje godkjent av ESA, og styra i dei regionale næringsfonda har difor eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at desse reglane blir følgt.
- Det er opp til styret for det einskilde næringsfond å prioritere og fordele fondsmidlane på prosjekt og tiltak innafor område som infrastrukturtiltak, tilrettelegging for næringsutvikling og bedriftsstøtte.
- Støtte til prosjekt som inneber bedriftsstøtte kan berre bli gitt innanfor regelverket for bagatellmessig støtte. Næringsfonda som vil gje bedriftsstøtte må sette seg grundig inn i regelverket for bagatellstøtte. Pålagte prosedyrar for tildelingsbrev må bli følgt og regionråda må innhente opplysningar om anna bagatellstøtte som søkjar har motteke, inkludert også bagatellstøtte via kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift.
- Det er ikkje høve til samfinansiering mellom regionale næringsfond og Innovasjon Norge når det gjeld støtte til bedrifter. Samfinansiering av infrastrukturtiltak og tilrettelegging for næringsutvikling mellom fylkeskommunen og regionale næringsfond vil berre bli tillate etter særskild vurdering av fylkeskommunen. Vi vil også oppmode styra i dei regionale næringsfonda til å avklare reglar for samfinansiering med kommunale næringsfond for dei kommunane som har slike.
- Fylkeskommunen vil ha ein løypande dialog med regionråda og Innovasjon Norge Hordaland med sikte på å ha ein teneleg og tydeleg arbeidsdeling og samordning mellom bruk av regionale næringsfond til bedriftsstøtte og dei ordningane som Innovasjon Norge forvaltar.
- Med unntak for næringsfondet for Sotra-Øygarden, skal dei regionale næringsfonda i hovudsak bli nytta innafor verkeområdet for distriktpolitiske verkemiddel, som vil si kommunar i Sone II, Sone III og Sone IV. Ein mindre del av midlane kan likevel nyttast til tiltak i Sone I kommunar dersom tiltaka er i tråd med sentrale mål og prioriteringar i RUP og er viktige for næringsutvikling også i Sone II, III og/eller IV i den aktuelle regionen. Heile næringsfondet for Sotra – Øygarden kan bli nytta innafor kommunane i regionen.
- For fylkesoverskridande regionråd er det ein føresetnad at også nabofylka yter til dei regionale næringsfonda dersom fonda skal støtte prosjekt i kommunar i nabofylka.
- I Sone I kan det ikkje bli gitt støtte til fysiske grunnlagsinvesteringar.

- Kostnader ved administrasjon av fonda kan bli belasta fondet innafor ein øvre grense på 5 % av tildelt ramme. Bruk av midlar til administrasjon skal vere fastsett av det einskilde fondsstyret som eiga sak for kvart år.

### **Forvaltning av næringsfonda**

Forvaltninga av dei regionale næringsfonda skal vere underlagt eit eige styre. Det stilles følgjande minstekrav til korleis styret skal vere sett saman:

- Regionrådet oppnemnar styret ved konsensus. Fylkeskommunen skal ha melding om eventuelle endringar i perioden. Der kor det ikkje er mogleg å oppnå konsensus, skal fylkeskommunen fastsette samansettinga.
- Styret for næringsfondet skal ha minst 5 medlemmer med personlege varamedlem beståande av ordførarar og representantar for næringsliv m.m. Ordførarane skal ha fleirtal.
- Minst 2 av medlemmene skal vere representantar for næringslivet, næringsforeiningar eller andre regionale og lokale aktørar innafor næringsutvikling.
- Fylkeskommunen og Innovasjon Norge Hordaland har rett til å møte som observatør. Elles er det fritt opp til styret sjølv å oppnemne observatørar. Avgjerdene i styret bør i størst mogleg grad byggje på konsensusprinsippet. For alle løyvingar gjort av styret skal det utformast tilsegn til mottakar av midlar i tråd med KRD sine retningslinjer. Det nye styret skal også forvalte ubrukte midlar i dei regionale næringsfonda frå tidlegare år.

### **Rapportering, utbetaling og kontroll**

#### *Rapportering*

- Innan utgangen av mars kvart år skal fylkeskommunen ha rapport om bruken av midlane i dei regionale næringsfonda. Rapporteringa skal vere knytt til dei prioriterte områda i RUP og innehalde statistikk, revisorattestert rekneskap og ein kort omtalande del. Rapporten skal innehalde ein særskilt omtale av bruken av tildelte skjønnsmidlar. Nærare informasjon om rutinar for rapportering vil bli sendt i eige brev, og etter kvart tilpassast rutineene i RF-13.50
- I tillegg skal forvaltninga av dei regionale næringsfonda rapporterast direkte til Kommunal og Regionaldepartementet i samsvar med dei krav som til ei kvar tid blir stilt av departementet.

#### *Kontroll*

- Fylkeskommunen har til ei kvar tid høve til å kontrollere at vilkåra for tilskottet blir helde. Tilsegnsmottakar pliktar å gje dei opplysningane som fylkeskommunen ber om.
- Etter Stortinget sitt løyvingreglement har Riksrevisjonen rett til å kontrollere at tilskottet blir nytta etter føresetnadene.

#### *Utbetaling og eventuell tilbakebetaling*

- Tilskottet blir utbetalt til **Dykkar bankkontonr. 3450.35.55168** med heile summen no.
- Dersom vilkåra i tilsegna ikkje blir følgd, kan fylkeskommunen krevje tilbakebetalt heile eller delar av tilskottet.

#### *Profilering*

- Tilsegnsmottakar forpliktar seg til å nemne i kvart tilsegnsbrev at ordninga med regionale næringsfond er finansiert av Hordaland fylkeskommune.
- I medieomtale, internett og andre presentasjonar av regionalt næringsfond må det også bli nemnt at ordninga er finansiert av Hordaland fylkeskommune.
- Hordaland fylkeskommune ønskjer kopi av medieomtalar av regionalt næringsfond.

### **Klage/innsyn i dokumenta**

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Strategi- og næringsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.


Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for desse tilsegna er Hans Inge Gloppen, telefon 55 23 92 88, e-post: [hans.inge.gloppen@hfk.no](mailto:hans.inge.gloppen@hfk.no)

Fylkeskommunen ønskjer Dykk lukke til med forvaltninga av det regionale næringsfondet for 2012.

Med helsing

Jan Per Styve  
Regionaldirektør

  
Mette Nora Sætre  
Nærings sjef

Kopi: Økonomiavdelinga



# Hardangerrådet



Hardanger

## Regionalt Næringsfond Hardanger 2012

### Grunnlag

Hardanger får årlege midlar til regional næringsutvikling. Midlane vert løyvd av Hordaland fylkeskommune med grunnlag frå Statsbudsjettet kap 551 post 60. Hardangerrådet iks har teke ansvaret for forvaltninga av fondsmidlane og kallar det Regionalt Næringsfond Hardanger (RNH). (Tilskot 2011 var ca 2,8 mill kr) Fondsstyret er samansett av dei 7 Hardangerordførarane og 2 representantar frå næringslivet.

Regionalt Næringsfond Hardanger har tildeling 1 gong i året med søknadsfristar 1. september.

### Retningslinjer

På bakgrunn av føringar frå stat og fylkeskommune, så har Hardangerrådet vedteke lokal strategi og eigne retningslinjer for forvaltninga av RNH. Tiltak av regional karakter er fokuset. Investeringar i bygg/faste installasjonar og driftstiltak fell utanfor RNH.

Strategisk plan og retningslinjer finn du på [www.hardangerraaet.no](http://www.hardangerraaet.no), eller får ved å venda deg til Hardangerrådet, tlf 53 67 14 50.

### Søknad

Søknaden sender du til Hardangerrådet, pb 78, 5782 Kinsarvik. RNH har ikkje eige søknadsskjema. Det er viktig å oppgje budsjett og finansiering i ein søknad då RNH kan samordnast med kommunale næringstilskot.

**Søknadsfristen er 01.09.2012.**





## **REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER. Vedteke korrigeringspr 04.12.2008**

### **I. Strategisk plan.**

#### **Bakgrunn:**

Hardanger har mellom anna framtidorientert industri, pulserande kulturliv, spennande reiseliv, spisskompetanse i fruktnæring.

Hardanger har for lite av gründerånd og etablerarkompetanse.

#### **Mål:**

RNH skal medverka til å løysa ut verdiskapingspotensialet i Hardanger ved å leggja til rette for og gi støtte til næringsutvikling og etablerartiltak i regionen.

#### **Strategiar:**

RNH får si tildeling frå Hordaland Fylkeskommune og skal gjennom sine vurderingar av vidare støtte til næringsutviklinga i Hardanger reflektera ei til ei kvar tid gjeldande prioriteringar i Regionalt Utviklingsprogram for Hordaland.

Attraktive og aktiv lokalsamfunn er avgjerande for at folk skal trivast og rekruttera naudsynt kompetanse for næringsliv og etablering..

Dersom følgjande område ikkje er med i gjeldande RUP, så skal RNH leggja slike spesifikke lokale prioriteringsområde til grunn:

#### 1. Nyskaping og kompetanse.

Nye arbeidsplassar i tradisjonelle og utradisjonelle næringer basert på naturgjevne og menneskelege ressursar er hovudmålsetjinga for RNH. Hardanger skal ta del i den innovasjon som kjem fram gjennom kreative kunnskapsbaserte tenesteytarar og stimulera nettverk, nyetablering og til auka etterspørsel etter tenester.

I ein region utan høgskule skal me leggja til rette for tilflytting av kompetansesarbeidsplassar. Viktig er det også å setja fokus på fagutdanning samt etter- og vidareutdanning.

#### 2. Industri og Internasjonalisering.

Gjennom å utnytta nettverket i industri, kultur og reiseliv, samt aktiv kontakt med VestNorsk Brüsselkontor, skal næringer og kommunar i Hardanger vera aktive internasjonale aktørar.

#### 3. Landbruksbasert Bygdeutvikling.

Landbruket er eit av dei bærnde elementa i næringsstruktur og landskapspleie i Hardanger. Landbruket representerer verdiskaping for samfunnet langt ut over talet på direkte sysselsette i næringa. Reiselivet er avhengig av eit levande landbruk. Ressursgrunnlaget på bygdene må i større grad utnyttast til næringsutvikling og busetjing.

#### 4. Kulturbaserte næringer

Hardanger har dei beste føresetnader for å skapa næring på grunnlag av tradisjonelle og moderne kulturytringar. Levande tradisjonar og blømande kunstuttrykk må

stimulerast til nye inntekspotensiale og næringar med bakgrunn i Hardanger. Kulturbaserte næringar er også gode døme på meirverdien Hardanger gir sine innbyggjarar og gjester.

#### 5. Reiseliv.

Hardanger er eit av dei fremste reisemåla i Noreg og del av Fjordane som utpeika det internasjonalt beste reisemålet. Hardanger vil utnytta synergiane mellom reiseliv, landbruk og kultur til nyskaping og vidareutvikling av Hardanger produkt- og merkenamn.

## **II . Retningslinjer.**

### Styre:

RNH skal ha eit styre på 9 medlemmer. Regionrådet (ordførarane) i dei 7 Hardangerkommunane/herada og 2 frå lokalt næringsliv.

### Sakshandsaming.

- Dagleg leiar i Hardangerrådet er ansvarleg for sakshandsaminga. Hardangerrådet kan leiga dette hos næringsselskap eller kommunar i Hardanger. 20% av årleg fylkeskommunale tildelte midlar kan årleg verta sett av til oppbygging av RHN frå 2004. Renteinntekter og anna avkasting vert årleg tillagt fondet.
- Regionalt Næringsfond Hardanger vert lyst ut og tildelt 1 gong i året med søknadsfrist 01.09 frå og med tildelinga i 2009.
- Tilsegn om fondsmidlar frå RNH skal normalt trekkjast inn etter 12 månader, dersom dei ikkje er utbetalte.
- Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalte dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden.

### Forvaltningsprinsipp.

- RNH skal gje tilskot til tiltak i dei 7 Hardangerkommunane. Om tiltaket også har verknad for nabokommunar til Hardanger, er dette ikkje til hinder for støtte.
- RNH kan nyttast til støtte til prosjekt i regi av kommunar og kommunale verksemdar. RNH kan ikkje nyttast til drift eller investering for kommunar eller kommunale verksemdar.
- RNH kan nyttast til etablerarstøtte, prosjektstøtte, forstudie og utgreiingar i einskildverksemdar, men ikkje til investering i bygg/faste installasjonar eller drift. RNH skal forvaltast i best mogeleg koordinering med kommunale næringstøtteordningar. Søknader som gjeld heile regionen må først vurderast av RNH før kommunal handsaming. Av omsyn til samordning , må det i søknaden koma fram kva finansieringskjelder som vert omsøkte.
- Tilsegn frå RNH vert utbetalt med 50 % av summen ved oppstart av omsøkt tiltak og 50 % når det er levert revidert rekneskap som viser bruken av midlane.
- Tilskot inntil 20.000 kr kan utbetalast i ein sum.
- Tiltak med bruttobudsjett under 50.000 kr slepp ordinær revisorplikt frå autorisert revisor. Internrevisjon skal krevjast.
- Tiltak som har regionalt perspektiv skal prioriterast ved tildelingar frå RNH. Eit forprosjekt må vera på regionalt nivå, ikkje lokalnivå.
- Ved vurdering av tilsegn RNH skal ein leggja vekt på realismen for gjennomføring.

# Tilsagnsliste

Sortering: +Tilsagnsår, +Tilsagnsnummer

År	Tils.nr.	Tils.dato	Prosjektnavn	Støttmottaker	Budsjettområde	Beløp	Tilbakeført	Utbetalt	Status
2004	78/04	24.03.04	Vitensenter i Odda	Randi Bårtvedt		1.000.000	0	1.000.000	Ferdig
2006	08/06	01.06.06	Eiotunet	Kjærøyna AS		50.000	0	50.000	Ferdig
2006	09/06	01.06.06	Måge Gardsbutikk	Turid og Torkjell Nå		100.000	0	100.000	Ferdig
2006	10/06	01.06.06	Kunstskeule	Anna Stina Næss		50.000	0	50.000	Ferdig
2006	11/06	01.06.06	Produktutvikling - Frukt	P/L Ullensvang Fruktlager		50.000	0	50.000	Ferdig
2006	12/06	01.06.06	Verdiskapingsanalyse	Reisemål Hardanger Fjord AS		50.000	-50.000	0	Kansellert
2006	14/06	01.06.06	Flaskevatnproduksjon	Hardanger Industripartk AS		50.000	0	50.000	Ferdig
2006	16/06	01.06.06	Harndverkarbua	Olav Indgjerd		75.000	0	75.000	Ferdig
2006	19/06	01.06.06	Utviklingsprosjekt Jordskiftehistora	Stifelsen Agatunet		82.500	0	82.500	Ferdig
2006	21/06	01.06.06	Granvin Bruk as"Ny produksjon i Granvin Næringshage"	Granvin Bruk AS		100.000	-100.000	0	Kansellert
2006	22/06	01.06.06	Herand - Den kulturhistoriske bygda	Herand Bygdelag		100.000	0	100.000	Ferdig
2006	24/06	01.06.06	Folgefonn Nasjonalparksenter	Folgefonn Nasjonalparksenter		100.000	0	100.000	Ferdig
2006	25/06	01.06.06	Vasstun Gjeste- og opplevelsesenter AS	Vasstun Gjestehus	Midler 2006	150.000	-11.700	138.300	Ferdig
2006	26/06	01.06.06	Forprosjekt Marknadsundersøkelse Solfonn Helsehotel	Olaug Taklo		250.000	-70.000	180.000	Ferdig
2006	29/06	01.06.06	Motehuset Noble Brides	Marianne Opacic		100.000	0	100.000	Ferdig
2006	31/06	07.12.06	Verdiskaping for oppdretts - SMB i en brytningtid for norsk lakseoppdrett	SNF-samfunn- og næringlivsforskning As		75.000	0	75.000	Ferdig
2006	32/06	07.12.06	Lingalaks as- Visningskonsesjon - Hardangerlaks for turister	Lingalaks AS		50.000	0	50.000	Ferdig
2006	33/06	07.12.06	Etablerarskolen Start sjølv no i Hardanger 2006/2007	Hardangerrådet IKS		55.000	0	55.000	Ferdig
2006	39/06	07.12.06	Turist/Sommerradio 2007	Radio Folgefonn		70.000	0	70.000	Ferdig
2006	42//06	07.12.06	Landskapsark i Vikebygdkrinsen	Opp med Vikebygdkrinsen		20.000	0	20.000	Ferdig
2006	43/06	07.12.06	Standardisert påfyllingsstasjon for vindusspylerveske	Tecno AS		25.000	0	25.000	Ferdig
2006	45/06	07.12.06	Hardangerbadet i Kvam herad - Forprosjekt	Progarmkomite for Hardangerbadet		25.000	0	25.000	Ferdig
2006	48/06	07.12.06	Birgits Seljes Bunadstove	Birgit Selje		25.000	0	25.000	Ferdig
2006	49/06	07.12.06	Forprosjekt: Etablering av næringshage i Kvam	Kvam herad		30.000	0	30.000	Ferdig
2006	51/06	07.12.06	Hardangermeny fase 3	Hardangerrådet		50.000	0	50.000	Ferdig
2006	7.12.06	07.12.06	Fondsavsetjing	Hardangerrådet		218.400	0	218.400	Ferdig

# Tilsagnsliste

Sortering: +Tilsagnsår,+Tilsagnsnummer

År	Tils.nr.	Tils.dato	Prosjektnavn	Støttemottaker	Budsjettområde	Beløp	Tilbakeført	Utbetalt	Status
2006	8.12.06	07.12.06	Driftsutgifter	Hardangerrådet		218.400	0	218.400	Ferdig
2007	01/07	11.06.07	Utvida sesong - Hardanger - Sunnhordland	Reisemål Hardangerfjord as		100.000	0	100.000	Ferdig
2007	03/07	11.06.07	Hardanger i form	Hardanger Treningscenter og Safe Treningscenter		150.000	-50.550	99.450	Ferdig
2007	04/07	11.06.07	Forprosjekt Kompetansekartleggi ng SMB	Sven-Helge Pedersen		50.000	0	50.000	Ferdig
2007	08/07	11.06.07	Forskiing og utvikling	Aero West as		100.000	-100.000	0	Kansellert
2007	10/07	11.06.07	Hardanger Scenarier 2030	Hardangerrådet		100.000	0	100.000	Ferdig
2007	11/07	11.06.07	Etablererskolen 2007	Hardangerrådet IKS		50.000	-37.138	12.862	Ferdig
2007	12/07	11.06.07	Smaken av fruktbare Hardanger - II	Hardangerrådet		150.000	0	150.000	Ferdig
2007	13/07	11.06.07	Kulturekspedisjonen 07/08	Ekspedisjonen Skjenkestova		30.000	0	30.000	Ferdig
2007	14/07	11.06.07	Trimstova	Trimstova Lofthus		25.000	0	25.000	Ferdig
2007	171/07	11.06.07	KAFFIHJØRNA DA	KAFFIHJØRNA DA		30.000	0	30.000	Ferdig
2007	18/07	11.06.07	Kvinnovsjon i Odda	Næringsshagen i Odda		40.000	0	40.000	Ferdig
2007	20/07	11.06.07	Landskapspark i Vikebygskrinsen	Arnhild Bleie		25.000	0	25.000	Ferdig
2007	21/07	11.06.07	Herand - den kulturelle bygda	Herand Bygdelag		100.000	0	100.000	Ferdig
2007	23/07	11.06.07	Vidareutvikling av Hardanger Fartøyverncenter	Hardanger Museum		100.000	0	100.000	Ferdig
2007	26/07	11.06.07	Vidareutvikling av høgskuleundervisning a i Hardanger	Stiftinga Høgskuleundervisning i Hardanger		125.000	0	125.000	Ferdig
2007	27/07	11.06.07	Sommerradio på 3 språk	Radio Folgefonn		35.000	0	35.000	Ferdig
2007	28/07	06.12.07	Slakterisamarbeid	Granvin Næringsbygg		50.000	-50.000	0	Kansellert
2007	33/07	06.12.07	Før brua er ferdig	Eidfjord Utvikling AS		25.000	-25.000	0	Ferdig
2007	35/07	06.12.07	Larsastova treforedling	Lars Ingvald Folkedal		15.000	0	15.000	Ferdig
2007	36/07	06.12.07	Det første rommet	Arnhild Litlere		60.000	0	60.000	Ferdig
2007	37/07	06.12.07	Kompetanseheving	Asbjørn Børsheim		45.000	0	45.000	Ferdig
2007	38/07	06.12.07	Rute 13 - Den indre hovudveg	I/S Fjordvegen		100.000	0	100.000	Ferdig
2007	39/07	06.12.07	Varde - kunst - løype	Harding Puls		50.000	-50.000	0	Kansellert
2007	40/07	06.12.07	Etablererskolen 2007/08	Næringsshagen i Odda		88.750	0	88.750	Ferdig
4. *Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ligga føre.*
5. *Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart*
6. *Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.*
7. *Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering*
8. *Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast*

**Vedtaket kan ikkje ankast.**

### **Søknaden gjeld:**

Hardanger og Voss Museum søker om 200.000 kr til første året av Hovudprosjektet «Hardanger – den kulturelle fjorden». Forprosjektet viste at det var svært gode tilbakemeldingar og eit godt fundament for vidare arbeid i eit Hovudprosjekt. Det vert lagt opp til eit hovudprosjekt over 3 år 2013-2015. Føremålet er å kombinera fleire kulturopplevingar og tilgjengelege opplevingar/produkt ved å styrkja attraksjonskrafta og omsetjinga for aktørar i Hardangerfjorden. Det vert satsa på å vidareutvikla forprosjektet, kompetanseheving og erfaringsbygging samt innarbeida Cruise på Hardangefjorden som eit «bookbart» produkt. Det årlege budsjettet er på 1.5 mill kr og det vert søkt om 200.000 kr for 1.driftsår, Hovudkostnadane er til produktutvikling, mobilisering, marknadsføring og kompetanseheving.

### **Vurdering:**

Forprosjektet med utprøving av MS Granvin som fjordcruise gav god erfaring for korleis eit hovudprosjekt bør leggjast opp. Finansieringskjeldene er mange og RNH er invitert til å delta med 200.000 kr som er 13 %. Eg reknar med at det vil koma likelydande søknader for 2013 og 2014. Ei løyving i 2012 kan vera signal om at RNH er med i alle 3 åra. Innanfor kostnadsramma vil det vera utgifter knytt til prosjektleiing, studietur og mobilisering for 315.000 kr medan resten går til prøvedrift av cruise på Samlafjorden og Sørfjorden.

Å få tilbake cruise på Fjorden er ei velkomen satsing for Hardanger og alle kommunar er aktuelle på seglingslista deira. Vidare så vil dette prosjektet kunna auka besøkstalet på eksisterande aktivitets- og opplevingsverksemder i regionen. Eg tilrår at me støttar tiltaket med 100.000 kr dette året.

### **Forhold til prioriteringar / strategi**

*Sjå uthevingane ovanfor.*



**Potensiale:**

*Både for Hardanger og Voss Museum og for reiselivsaktøar i Hardanger vil dette prosjektet auka attraksjonsverdien og gjester i Hardanger.*

**Evne til å gjennomføre prosjektet:**

HVM er ein profesjonell organisasjon som kontinuerleg gjennomfører utviklingstiltak og kan prosjektarbeid.

**Konklusjon:**

*Dette regionale prosjektet er framtidsretta og vil gje kultur og reiseliv i Hardanger nye tilbod og styrkja eksisterande. Eg tilrår RNH å løyva 100.000 kr for 1. prosjektår.*

REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER 2012

<b>Prosjektnamn:</b> Hardangers Natur og Kulturhistorie		<b>Reg.nr:</b> 07/12		
<b>Søkjær :</b>  Jo Høyer	<b>Org.nr / Person nr.:</b>	<b>Dato for reg.:</b>  03/09/12	<b>Samsvar prioritet frå RUP/Hfk:</b> 7. Næringar med særlege føremoner: 7.1. Energi 7.2. Marine næringar 7.3. Maritime næringar <b>7.4. Reiseliv</b> 7.5. Kultur næringar 7.6. Landbruk 8. Verktøykassa for Reg Nær Utvikl 8.1 Innovasjon 8.2 Entreprenørskap 8.3 Næringsretta kompetanse 8.4 Internasjonalisering og marknadsorientering 9. Satsing på lokal samfunnsutvikling	
<b>Samsvar i strategi frå Hardangerrådet pr 10.11.2005:</b>  <i>1. Nyskaping og kompetanse</i> <i>2. Industri og internasjonalisering</i> <i>3. Landbruksbasert bygdeutvikling</i> <i>4. Kulturbaserte næringar</i> <b>5. Reiseliv</b>	<b>Hovudkategoriar frå KR D:</b> 0110 Næringshagar 0120 Inkubatorer(og distribuert inkubatorer 0130 Industriinkubator 0140 Forsknings-/kunnskapsparke 0150 Nettverk, bransje- og klyngeutvikling 0200 Støtte til etablerte bedrifter, eldre enn 5 år 0250 Transportstøtte 0300 Etableringsstøtte og støtte til bedrifter yng re enn 5 år 0340 Entreprenørskap i høgare utdanning og forskning 0350 Entreprenørskap i grunn-og vidaregåande skule 0360 Andre tiltak for auka entreprenørskap 0400 Utvik. av utdanningstilbud og kompetanesehevande tiltak for befolkning og samf 0510 Breiband-, mobil- og IKT –tiltak 0520 Vatnforsyning 0530 Transportinfrastruktur 0540 Fysisk kommunal næringsretta infrastruktur 0600 Utvikling av daglege tenester til lokalbefolkninga 0710 Stedsutvikling <b>0720 Profiler og marknadsføring av eit område</b> 0800 Administrasjons-og gjennomføringskostnader 0900 Andre tiltak			
<b>Kontaktperson</b> Jo Høyer	<b>Tlf</b> 55 58 91 50/ 951 19 216	<b>Total kostnad i kr</b> 1.400.000,-	<b>Omsøkt stønad i kr</b> 300.000,-	<b>Innstilling stønad i kr</b> 0,-
<b>Samarbeidande</b>	Eidfjord kommune og Høgskulen i Bergen			

**Vedlagt:** -  
**Framlagt:** Søknad  
**Sakshandsamar:** Leiv Vambheim  
**Vedtaks skal sendas til:** Søkjær, Indre Hordaland Revisjonsdistrikt,

**Tidlegare tilsegn:** Ingen

### **Tilråding:**

*Regionalt Næringsfond Hardanger gjev ikkje støtte til utvikling av App (Applikasjonar for mobiltelefon og nettbrett) som pilotprosjekt for Hardanger si kultur og naturhistorie. Grunngevinga for avslaget er at prosjektet er mangelfullt dokumentert i høver kostnadsbudsjett og regional verdi. Prosjektet når ikkje opp i dei avgrensa midlane Regionalt Næringsfond råd over.*

**Vedtaket kan ikkje ankast.**

### **Søknaden gjeld:**

Universitetet i Bergen søker om 300.000 kr til eit pilotprosjekt for nye Appar saman med Høgskulen i Bergen og Eidfjord kommune. Det er dei store bøkene Kulturhistorisk og Naturhistorisk vegbok for Hordaland som skal gjerast tilgjengeleg for mobiltelefonar og nettbrett. Der skal ein kunna ta med seg apparata og få variert digital informasjon om stadane ein vitjar. Piloten skal etter Eidfjord vidareutviklast for heile fylket.

### **Vurdering:**

Appar er i tida og vil koma på stadig fleire felt. Prosjektet kan vera eit spennande nytt og nyttig tilbod til alle besøkjande i Eidfjord og seinare Hardanger. Søknaden er skissert med kostnadsramme og finansieringsbehov med 300.000 kr for Eidfjord kommune og 300.000 frå RNH av totalt 1,3 mill kr. Det går ikkje fram korleis utgiftene skal brukast eller ei vurdering av verknaden for regionen. Dette er nok eit nyttig framtidig verktøy, men eg forventar ein grunngeven søknad. Eg er også orientert om at Eidfjord kommune ikkje imøtekom søknaden no.

### **Forhold til prioriteringar / strategi**

*Sjå uthevingane ovanfor.*

### **Potensiale:**

*For reiselivsnæringa og innbyggjarar vil dette gje ei heilt ny oppleving av regionen og vera ei framtidsretta informasjonsmedium.*

### **Evne til å gjennomføre prosjektet:**

*Med UiB og HiB som utviklarar er dette sikra gjennomføring.*

### **Konklusjon:**

*Sjølv om eg har stor sans for tiltaket så tilrår eg avslag no. Grunngevinga for avslaget er at prosjektet er mangelfullt dokumentert i høver kostnadsbudsjett og regional verdi. Prosjektet når ikkje opp i dei avgrensa midlane Regionalt Næringsfond råd over.*

REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER 2012

<b>Prosjektnamn:</b> Aktiv heile Året		<b>Reg.nr:</b> 08/12		
<b>Søkjær :</b>  <b>Destinasjon</b> <b>Voss og</b> <b>Reisemål</b> <b>Hardangerfjord</b>	<b>Org.nr /</b> <b>Person nr.:</b>	<b>Dato for</b> <b>reg.:</b>  21/09	<b>Samsvar prioritet frå RUP/Hfk:</b> 7. Næringar med særlege føremoner: 7.1. Energi 7.2. Marine næringar 7.3. Maritime næringar 7.4. <b>Reiseliv</b> 7.5. Kulturnæringar 7.6. Landbruk 8. Verktøykassa for Reg Nær Utvikl 8.1 Innovasjon 8.2 Entreprenørskap 8.3 Næringsretta kompetanse 8.4 Internasjonalisering og marknadsorientering 9. Satsing på lokal samfunnsutvikling	
<b>Samsvar i strategi frå Hardangerrådet pr 10.11.2005:</b>  <i>1. Nyskaping og kompetanse</i> <i>2. Industri og internasjonalisering</i> <i>3. Landbruksbasert bygdeutvikling</i> <i>4. Kulturbaserte næringar</i> <i>5. Reiseliv</i>	<b>Hovudkategoriar frå KRD:</b> 0110 Næringsshagar 0120 Inkubatorer(og distribuert inkubatorer 0130 Industriinkubator 0140 Forsknings-/kunnskapsparke 0150 Nettverk, bransje- og klyngeutvikling 0200 Støtte til etablerte bedrifter, eldre enn 5 år 0250 Transportstøtte 0300 Etableringsstøtte og støtte til bedrifter yng re enn 5 år 0340 Entreprenørskap i høgare utdanning og forskning 0350 Entreprenørskap i grunn-og vidaregåande skule 0360 Andre tiltak for auka entreprenørskap 0400 Utvik. av utdanningstilbud og kompetanesehevande tiltak for befolkning og samf 0510 Breiband-, mobil- og IKT –tiltak 0520 Vatnforsyning 0530 Transportinfrastruktur 0540 Fysisk kommunal næringsretta infrastruktur 0600 Utvikling av daglege tenester til lokalbefolkninga 0710 Stedsutvikling 0720 <b>Profilering og marknadsføring av eit område</b> 0800 Administrasjons-og gjennomføringskostnader 0900 Andre tiltak			
<b>Kontaktperson</b> Gry Bystøl	<b>Tlf</b>	<b>Total kostnad i kr</b> 5.000.000,-	<b>Omsøkt stønad i kr</b> 300.000,-	<b>Innstilling stønad i kr</b> 150.000,-
<b>Samarbeidande</b>	NCE tourism og Flåm, To fylkeskommunar, Fjord Norge, kommunar og aktørar.			

**Vedlagt:** -  
**Framlagt:** Søknad  
**Sakshandsamar:** Leiv Vambheim  
**Vedtaks skal sendas til:** Søkjær, Indre Hordaland Revisjonsdistrikt,

**Tidlegare tilsegn:** Ingen

**Tilråding:**

1. Regionalt Næringsfond Hardanger gjev Reisemål Hardangerfjord tilsagn om 150.000 kr til første prosjektår av utvikling av prosjektet «Aktivitet heile året».
2. Tilsegn vert administrert av Gro Bystøl, Destinasjon Voss.

3. 50 % av tilskottet kan utbetalas når føresegnene for tilsegn er godkjend av søker.
4. Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ligga føre.
5. Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart
6. Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.
7. Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering
8. Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast

**Vedtaket kan ikkje ankast.**

### **Søknaden gjeld:**

Med erfaringar frå prosjektet Ski Heile Året så er det utvikla eit prosjekt med fokus på Aktivitet Heile Året. Altså vidareutvikla samarbeidet mellom reiselivsnæringane i Hardanger og Voss med tanke på å auka tal reisande til regionene og auka tal arbeidsplassar i næringa. Det skal vera fokus på temaene: Vandring, vinter og Outdoor adventure. Prosjektet skal gå over 4 år og planane for 2013 er alt godt i gang. Kostnadsplanen er på 5 mill kr og samarbeidspartane er inviterte til å bidra, herunder Hardangerrådet med totalt 300.000 kr for første prosjektår. Midlane skal mellom anna gå til produktutvikling, marknadsføring, logistikk og møteplassar.

### **Vurdering:**

Det er slike samarbeidsløft me vil sjå, der koordinerande overordna organ samordnar aktørar og ressursar til ei kraftig satsing på heilårs reiseliv. Dette vil underbyggja mange andre gode aktivitetstiltak i Hardanger, som primært er ein sommardestinasjon.

Som eg har peika på i saksutgreiinga i søknad 2 så er denne søknaden mykje lik den Ski Heile Året og det ser ut til at dei har same grunnlaget. Med avgrensa midlar så må me sjå desse i samanheng, sjølv om dei står på eigne bein. Eg tilrår RNH å støtta denne søknaden, men er usikker på om me skal gje årlege tilsagn etter repitert søknad nest år eller støtta denne med heile summen. Eg tilrår det første og avgrensar tilsagnet til 150.000 kr årleg som vil bety 450.000 kr totalt.

### **Forhold til prioriteringar / strategi**

*Sjå uthevingane ovanfor.*

### **Potensiale:**

Aktiv ferie er eit av dei store vekstområda også i våre distrikt. Det har ekstrem- og aktivtets tiltaka vist til fulle. Samvær gjennom aktivitet også den nye ferie- og fritidsforma.

### **Evne til å gjennomføre prosjektet:**

Samarbeidsselskapa i Hardanger og Voss har begge solid erfaring med prosjekt - utvikling.

### **Konklusjon:**

*Dette tiltaket er ei naturleg utvikling av «Ski heile året» og eit positivt indre Hordaland-samarbeid. Eg tilrår støtte med 150.000 dette første prosjektåret.*

REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER 2012

<b>Prosjektnamn:</b> Kortreiste appar		<b>Reg.nr:</b> 09/12		
<b>Søkjær :</b>  <b>Artel</b>	<b>Org.nr / Person nr.:</b>	<b>Dato for reg.:</b> 03/09/12	<b>Samsvar prioritet frå RUP/Hfk:</b> 7. Næringar med særlege føremoner: 7.1. Energi 7.2. Marine næringar 7.3. Maritime næringar 7.4. Reiseliv 7.5. Kultur næringar 7.6. Landbruk 8. Verktøykassa for Reg Nær Utvikl 8.1 Innovasjon <b>8.2 Entreprenørskap</b> 8.3 Næringsretta kompetanse 8.4 Internasjonalisering og marknadsorientering 9. Satsing på lokal samfunnsutvikling	
<b>Samsvar i strategi frå Hardangerrådet pr 10.11.2005:</b>  <b>1. Nyskaping og kompetanse</b> <b>2. Industri og internasjonalisering</b> <b>3. Landbruksbasert bygdeutvikling</b> <b>4. Kulturbaserte næringar</b> <b>5. Reiseliv</b>	<b>Hovudkategoriar frå KRD:</b> 0110 Næringsshagar 0120 Inkubatorer(og distribuert inkubatorer 0130 Industriinkubator 0140 Forsknings-/kunnskapsparke 0150 Nettverk, bransje- og klyngeutvikling 0200 Støtte til etablerte bedrifter, eldre enn 5 år 0250 Transportstøtte 0300 Etableringsstøtte og støtte til bedrifter yng re enn 5 år 0340 Entreprenørskap i høgare utdanning og forskning 0350 Entreprenørskap i grunn-og vidaregåande skule <b>0360 Andre tiltak for auka entreprenørskap</b> 0400 Utvik. av utdanningstilbud og kompetanesehevande tiltak for befolkning og samf 0510 Breiband-, mobil- og IKT –tiltak 0520 Vatnforsyning 0530 Transportinfrastruktur 0540 Fysisk kommunal næringsretta infrastruktur 0600 Utvikling av daglege tenester til lokalbefolkninga 0710 Stedsutvikling 0720 Profilering og marknadsføring av eit område 0800 Administrasjons-og gjennomføringskostnader 0900 Andre tiltak			
<b>Kontaktperson</b>	<b>Tlf</b>	<b>Total kostnad i kr</b>	<b>Omsøkt stønad i kr</b>	<b>Innstilling stønad i kr</b>
Geir Larsen		200.000,-	77.000,-	77.000,-
<b>Samarbeidande</b>				

**Vedlagt:** -  
**Framlagt:** Søknad  
**Sakshandsamar:** Leiv Vambheim  
**Vedtaks skal sendas til:** Søkjær, Indre Hordaland Revisjonsdistrikt,

**Tidlegare tilsegn:** Ingen

### **Tilråding:**

1. *Regionalt Næringsfond Hardanger gjev ARTEL Larsen tilsagn om 77.000 kr til utvikling av prosjektet kortreiste appar.*
2. *Tilsegn vert administrert av Geir Larsen*
3. *50 % av tilskottet kan utbetalas når føresegnene for tilsegn er godkjend av søkjar.*
4. *Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ligga føre.*
5. *Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart*
6. *Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.*
7. *Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering*
8. *Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast*

**Vedtaket kan ikkje ankast.**

### **Søknaden gjeld:**

ARTEL Larsen ved Geir Larsen søker RNH om 77.000 kr til utvikling av kortreiste appar for mobiltelefon og nettbrett. Han skal utvikla programvare for sal og utføra konsulenttenester. Mikkelparken er første kunde i segmentet. Føremålet er å utvikla appar som er interessante og nyttige for brukarane og marknadsføra programvaren slik at det synes for potensielle brukarar. Han har brei erfaring frå utvikling av programvare for undervisning/opplæring. Han tenkjer å etablere to arbeidsplassar i dette. Prosjektbudsjettet er på 200.000 kr der eigeninnsats er 110.000 kr, løyving frå Ullensvang 13.000 kr og omsøkt RNH for 77.000 kr.

### **Vurdering:**

Kortreiste appar betyr nok at dei er produserte lokalt. Når ein ser på den store markanden og dei mange suksessane med produksjon av appar, så er det spennande at også ein i Hardanger arbeider med dette. Eg tilrår å støtta dette.

### **Forhold til prioriteringar / strategi**

*Sjå uthevingane ovanfor.*

### **Potensiale:**

*Som sagt er dette inn i tida og eit stor, stor business.*

### **Evne til å gjennomføre prosjektet:**

Geir Larsen er entusiastisk datalærd og har levert programvare før.

### **Konklusjon:**

*Kortreiste appar er lokalbasert produktutvikling og har ein stor marknad for dei som treffer. Eg tilrår søknaden.*

REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER 2012

<b>Prosjektnamn:</b> Klimaskip		<b>Reg.nr:</b> 10/12		
<b>Søklar :</b> Rajananand Dhanbanjaya	<b>Org.nr / Person nr.:</b>	<b>Dato for reg.:</b> 03/09/12	<b>Samsvar prioritet frå RUP/Hfk:</b> 7. Næringar med særlege føremoner: 7.1. Energi 7.2. Marine næringar 7.3. Maritime næringar 7.4. Reiseliv 7.5. Kulturnæringar 7.6. Landbruk 8. Verktøykassa for Reg Nær Utvikl <b>8.1 Innovasjon</b> 8.2 Entreprenørskap 8.3 Næringsretta kompetanse 8.4 Internasjonalisering og marknadsorientering 9. Satsing på lokal samfunnsutvikling	
<b>Samsvar i strategi frå Hardangerrådet pr 10.11.2005:</b>  <i>1. Nyskaping og kompetanse</i> <i>2. Industri og internasjonalisering</i> <i>3. Landbruksbasert bygdeutvikling</i> <i>4. Kulturbaserte næringar</i> <i>5. Reiseliv</i>	<b>Hovudkategoriar frå KRD:</b> 0110 Næringsshagar 0120 Inkubatorer(og distribuert inkubatorer 0130 Industriinkubator 0140 Forsknings-/kunnskapsparke 0150 Nettverk, bransje- og klyngeutvikling 0200 Støtte til etablerte bedrifter, eldre enn 5 år 0250 Transportstøtte 0300 Etableringsstøtte og støtte til bedrifter yngre enn 5 år 0340 Entreprenørskap i høgare utdanning og forskning 0350 Entreprenørskap i grunn-og vidaregåande skule 0360 Andre tiltak for auka entreprenørskap 0400 Utvik. av utdanningstilbud og kompetaneseheevande tiltak for befolkning og samf 0510 Breiband-, mobil- og IKT –tiltak 0520 Vatnforsyning 0530 Transportinfrastruktur 0540 Fysisk kommunal næringsretta infrastruktur 0600 Utvikling av daglege tenester til lokalbefolkninga 0710 Stedsutvikling 0720 Profilering og marknadsføring av eit område 0800 Administrasjons-og gjennomføringskostnader 0900 <b>Andre tiltak</b>			
<b>Kontaktperson</b> Rajananand Dhanbanjaya	<b>Tlf</b>	<b>Total kostnad i kr</b>	<b>Omsøkt stønad i kr</b> 2.400.000,-	<b>Innstilling stønad i kr</b> 0,-
<b>Samarbeidande</b>				

**Vedlagt:** -  
**Framlagt:** Søknad  
**Sakshandsamar:** Leiv Vambheim  
**Vedtaks skal sendas til:** Søklar, Indre Hordaland Revisjonsdistrikt,

**Tidlegare tilsegn:** Ingen



**Tilråding:**

*Regionalt Næringsfond Hardanger gjev ikkje støtte Klimaskip Hordaland. Grunngevinga for avslaget er at Klimaskip Hordaland tilfredsstillar ikkje vilkår for tildeling etter vedtektene til Regionalt Næringsfond Hardanger.*

**Vedtaket kan ikkje ankast.**

**Søknaden gjeld:**

Det vert søkt om etablering firmaet 24AS som skal byrja å byggja klimaskipet Hordaland. Det vert søkt om investerings- og driftstilskot på 2,4 mill kr for å etablere seg og til å utvikla ein prototype. Klimaskip er slik eg forstår det ein båt for å samla klimaopplysningar. Det skal utviklast ein flygande kube som skal løfta det tunge skipet i surfeposisjon, kalla eit forskingsprosjekt. Med heimekontor i byggjeklar tomt i Hardanger vil det kunna skapa 5 arbeidsplassar. Vyene for utvikling til eit internasjonalt konsept.

**Vurdering:**

Det er ikkje levert kostnadskalkyle eller finansieringsplan eller dokumentert verdien for Hardanger anna enn utalt 5 moglege arbeidsplassar. Dette er eit prosjekt som også fell utanfor rammene til RNH, då det både er antyda investerings- og driftstøtte. Kanskje er det høveleg for Innovasjon Norge? Eg tilrår avslag.

**Forhold til prioriteringar / strategi**

*Sjå uthevingane ovanfor.*

**Potensiale:**

*Det er for uklart i søknaden kva potensiale det har for Hardanger.*

**Evne til å gjennomføre prosjektet:**

Ut frå søknaden kjem det ikkje fram kva grunnlag søkjar har for å kunna gjennomføra sine prosjekt.

**Konklusjon:**

Klimaskip Hordaland tilfredsstillar ikkje vilkår for tildeling etter vedtektene til Regionalt Næringsfond Hardanger.

REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER 2012

<b>Prosjektnamn:</b> Kvitno Gjestegard- forprosjekt		<b>Reg.nr:</b> 11/12		
<b>Søkjær :</b>  <b>Kvitno Gjestegard</b>	<b>Org.nr / Person nr.:</b>	<b>Dato for reg.:</b> 03/09/12	<b>Samsvar prioritet frå RUP/Hfk:</b> 7. Næringar med særlege føremoner: 7.1. Energi 7.2. Marine næringar 7.3. Maritime næringar <b>7.4. Reiseliv</b> 7.5. Kultur næringar <b>7.6. Landbruk</b> 8. Verktøykassa for Reg Nær Utvikl 8.1 Innovasjon 8.2 Entreprenørskap 8.3 Næringsretta kompetanse 8.4 Internasjonalisering og marknadsorientering <b>9. Satsing på lokal samfunnsutvikling</b>	
<b>Samsvar i strategi frå Hardangerrådet pr 10.11.2005:</b>  <i>1. Nyskaping og kompetanse</i> <i>2. Industri og internasjonalisering</i> <b>3. Landbruksbasert bygdeutvikling</b> <i>4. Kulturbaserte næringar</i> <b>5. Reiseliv</b>	<b>Hovudkategoriar frå KRD:</b> 0110 Næringsshagar 0120 Inkubatorer(og distribuert inkubatorer 0130 Industriinkubator 0140 Forsknings-/kunnskapsparke 0150 Nettverk, bransje- og klyngeutvikling 0200 Støtte til etablerte bedrifter, eldre enn 5 år 0250 Transportstøtte <b>0300 Etableringsstøtte og støtte til bedrifter yng re enn 5 år</b> 0340 Entreprenørskap i høgare utdanning og forskning 0350 Entreprenørskap i grunn-og vidaregåande skule 0360 Andre tiltak for auka entreprenørskap 0400 Utvik. av utdanningstilbud og kompetaneseheevande tiltak for befolkning og samf 0510 Breiband-, mobil- og IKT –tiltak 0520 Vatnforsyning 0530 Transportinfrastruktur 0540 Fysisk kommunal næringsretta infrastruktur 0600 Utvikling av daglege tenester til lokalbefolkninga 0710 Stedsutvikling 0720 Profilering og marknadsføring av eit område 0800 Administrasjons-og gjennomføringskostnader 0900 Andre tiltak			
<b>Kontaktperson</b> Hilde Hesjedal Aase	<b>Tlf</b> 994 96 980	<b>Total kostnad i kr</b> 115.000,-	<b>Omsøkt stønad i kr</b> 115.000,-	<b>Innstilling stønad i kr</b> 50.000,-
<b>Samarbeidande</b>				

**Vedlagt:** -  
**Framlagt:** Søknad  
**Sakshandsamar:** Leiv Vambheim  
**Vedtaks skal sendas til:** Søkjær, Indre Hordaland Revisjonsdistrikt,

**Tidlegare tilsegn:** Ingen

**Tilråding:**

1. Regionalt Næringsfond Hardanger gjev Kvitno Gjestegard tilsagn om 50.000 kr til utvikling av forprosjektet « Vidareutvikling av gardsbruka Åse og Kvitno ».
2. Tilsegn vert administrert av Hilde Hesjedal Aase
3. 50 % av tilskottet kan utbetalas når føresegnene for tilsegn er godkjend av søkjær.

4. Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ligga føre.
5. Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart
6. Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.
7. Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering
8. Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast

**Vedtaket kan ikkje ankast.**

## **Søknaden gjeld:**

Hilde og Kjell Inge Aase søker RNH om 115.000 kr til forprosjekt for å vidareutvikla Kvitno Gjestegard i Odda kommune. Dei driv gardsturisme med utgangspunkt i Åse gard og Kvitno grad. Dei har i dag storfedrift på Åse og overnattingsplassar på Kvitno og planlegg å utvikla desse som eit gardsturismeprojekt. I forprosjektet vil dei laga vurdering av planar for naust, strandsone, rasteplass, utvida overnatting, kafe og toalett. Vidare skal forprosjektet henta konsulenthjelp til marknadskalkyle, opplevingsbasert reiseliv og restaurantdrift. I søknaden er midlane tenkt slik: Prospekt 50.000 kr, Rådgjeving 50.000 kr og Eigensinnsats 15.000 kr

## **Vurdering:**

Landbruksrelatert reiseliv og bygdeutvikling er eit av dei prioriterte områda i regionale og lokale strategiar. Dette forprosjektet skal leggja grunnlaget for kva som må gjerast for å etablera alle eller deler av dei planane Hilde og Kjell Inge Åse har for gardsbruka sine. Denne søknaden er innanfor dei stimuleringstiltaka RNH har. Av omsyn begrensa tilgang på midlar i RNH, tilrår eg å støtta med 50.000 kr som delfinansiering av prospektutvikling og Rådgjevinga.

### **Forhold til prioriteringar / strategi**

*Sjå uthevingane ovanfor.*

### **Potensiale:**

Det er aukande etterspurnad etter lokalbaserte opplevingar, og gardsturisme er eit velprøvd og populært tiltak i landet. Hardanger utviklar heile tida nye tilbod og dette styrkjer regionen som destinasjon.

### **Evne til å gjennomføre prosjektet:**

Etter det eg kan sjå av søknaden har ekteparet etablert ny drift på eigedomane sine og får det til. I tillegg så skriv dei i søknaden at dei er medeigar i Kvitno kraftverk som har fått konsesjon. Økonomisk vil det styrkja gardskonseptet.

## **Konklusjon:**

Denne søknaden om gardsturisme er klart innanfor dei stimuleringstiltaka RNH og Fylkeskommunen tilrår. Av omsyn begrensa tilgang på midlar i RNH, tilrår eg å støtta med 50.000 kr som delfinansiering av Prospektutvikling og Rådgjeving.

REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER 2012

<b>Prosjektnamn:</b> Næringsretta kompetanseheving i Hardanger		<b>Reg.nr:</b> 12/12		
<b>Søklar:</b>  <b>Høgskule-undervisning i Hardanger</b>	<b>Org.nr / Person nr.:</b>	<b>Dato for reg.:</b> 03/09/12	<b>Samsvar prioritet frå RUP/Hfk:</b> 7. Næringar med særlege føremoner: 7.1. Energi 7.2. Marine næringar 7.3. Maritime næringar 7.4. Reiseliv 7.5. Kulturnæringar 7.6. Landbruk 8. Verktøykassa for Reg Nær Utvikl 8.1 Innovasjon 8.2 Entreprenørskap <b>8.3 Næringsretta kompetanse</b> 8.4 Internasjonalisering og marknadsorientering 9. Satsing på lokal samfunnsutvikling	
<b>Samsvar i strategi frå Hardangerrådet pr 10.11.2005:</b>  <b>1. Nyskaping og kompetanse</b> <b>2. Industri og internasjonalisering</b> <b>3. Landbruksbasert bygdeutvikling</b> <b>4. Kulturbaserte næringar</b> <b>5. Reiseliv</b>	<b>Hovudkategoriar frå KR D:</b> 0110 Næringsshagar 0120 Inkubatorer(og distribuert inkubatorer 0130 Industriinjkubator 0140 Forsknings-/kunnskapsparke 0150 Nettverk, bransje- og klyngeutvikling 0200 Støtte til etablerte bedrifter, eldre enn 5 år 0250 Transportstøtte 0300 Etableringsstøtte og støtte til bedrifter yng re enn 5 år 0340 Entreprenørskap i høgare utdanning og forskning 0350 Entreprenørskap i grunn-og vidaregåande skule 0360 Andre tiltak for auka entreprenørskap 0400 <b>Utvik. av utdanningstilbud og kompetanesehevande tiltak for befolkning og samf</b> 0510 Breiband-, mobil- og IKT –tiltak 0520 Vatnforsyning 0530 Transportinfrastruktur 0540 Fysisk kommunal næringsretta infrastruktur 0600 Utvikling av daglege tenester til lokalbefolkninga 0710 Stedsutvikling 0720 Profilering og marknadsføring av eit område 0800 Administrasjons-og gjennomføringskostnader 0900 Andre tiltak			
<b>Kontaktperson</b> May Søfteland	<b>Tlf</b> 924 07 604	<b>Total kostnad i kr</b> 470.000,-	<b>Omsøkt stønad i kr</b> 70.000,-	<b>Innstilling stønad i kr</b> 70.000
<b>Samarbeidande</b>	Studiesenteret.no og deira høgskulenettverk			

**Vedlagt:** -  
**Framlagt:** Søknad  
**Sakshandsamar:** Leiv Vambheim  
**Vedtak skal sendas til:** Søklar, Indre Hordaland Revisjonsdistrikt,

**Tidlegare tilsegn: Ja. 75.000 kr til forprosjektet**

**Tilråding:**

1. Regionalt Næringsfond Hardanger gjev Stiftinga Høgskulen i Hardanger 70.000 kr til utvikling av forprosjektet Næringsretta kompetanseheving i Hardanger
2. Tilsegn vert administrert av Styreleiar John Opdal i SHIH.

3. 50 % av tilskottet kan utbetalas når føresegnene for tilsegn er godkjend av søker.
4. Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ligga føre.
5. Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart
6. Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.
7. Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering
8. Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast

**Vedtaket kan ikkje ankast.**

## **Søknaden gjeld:**

Stiftinga Høgskulen i Hardanger søker RNH om 140.000 kr fordelt over 2 år. Dette er å oppfatta som siste 2 år av søknaden som kom til RNH i 2011 og er slutføring av forprosjektet over 2 år med ein litt endra finansieringsplan. Målet for 2013 er at SHiH kjem i ordinær drift og at selskapet gjev dei tilboda regionen etterspør og treng.

## **Vurdering:**

Med bakgrunn i at det ikkje er nokon eigen Høgskule i Hardanger og at det ikkje er mogeleg å oppretta ein slik, så meiner eg det er viktig å satsa på SHIH som vår felles organisasjon for å gje tilbud til høgskuleutdanning i regionen. Å oppretta to ny studiesenter td. i Kvam og i Eidfjord vil gje tilbud til innbyggjarane innanfor 1 times reisetid. Gjennom Hordaland Fylkeskommune er det løyvd 500.000 kr til investering i utstyr i 2 nye studiesenter i Hardanger, SHiH planlegg å etablere seg som ein regional organisasjon med alle kommunar/herad i Hardanger som eigarar og i dette biletet sjå om det er mogeleg å etablere 2 nye studiesenter utanom Odda. Arbeidet så langt er at kommunane i Hardanger har teikna seg som eigarar, og regionen har etablert eit system for høgskuleundervisning i Hardanger. Eg innstiller på 70.000 kr i 2012.

### **Forhold til prioriteringar / strategi**

*Sjå uthevingane over.*

### **Potensiale:**

Det er nødvendig for Hardanger å få etablert eit system for høgskuleutdanning i regionen både for vaksne studentar i jobb og for ungdom som vil ta utdanning utan å reisa bort. Det nettverket som Studiesenteret.no har vil kunna gje Hardanger dette etterlengta tilbudet.

### **Evne til å gjennomføre prosjektet:**

SHIH i har ved Prosjektansvarleg John Opdal og prosjektleiar May Søfteland kompetanse til å gjennomføre prosjektet.

## **Konklusjon:**

*Regionalt Næringsfond Hardanger gjev Stiftinga Høgskuleundervisning i Hardanger 70.000 kr til andre utviklingsår av prosjektet Næringsretta kompetanseheving i Hardanger.*

REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER 2012

<b>Prosjektnamn:</b> Forprosjekt etablering av Bygdagnist		<b>Reg.nr:</b> 13/12		
<b>Søkjær :</b> Arne Kristian Teigland for Bygdagnist	<b>Org.nr / Person nr.:</b>	<b>Dato for reg.:</b>  03/09/12	<b>Samsvar prioritet frå RUP/Hfk:</b> 7. Næringar med særlege føremoner: 7.1. Energi 7.2. Marine næringar 7.3. Maritime næringar 7.4. Reiseliv <b>7.5. Kulturnæringar</b> 7.6. Landbruk 8. Verktøykassa for Reg Nær Utvikl 8.1 Innovasjon 8.2 Entreprenørskap 8.3 Næringsretta kompetanse 8.4 Internasjonalisering og marknadsorientering <b>9. Satsing på lokal samfunnsutv.</b>	
<b>Samsvar i strategi frå Hardangerrådet pr 10.11.2005:</b>  <i>1. Nyskaping og kompetanse</i> <i>2. Industri og internasjonalisering</i> <i>3. Landbruksbasert bygdeutvikling</i> <b>4. Kulturbaserte næringar</b> <i>5. Reiseliv</i>	<b>Hovudkategoriar frå KRD</b> 0110 Næringshagar 0120 Inkubatorer(og distribuert inkubatorer 0130 Industriinjkubator 0140 Forsknings-/kunnskapsparke 0150 Nettverk, bransje- og klyngeutvikling 0200 Støtte til etablerte bedrifter, eldre enn 5 år 0250 Transportstøtte 0300 Etableringsstøtte og støtte til bedrifter yng re enn 5 år 0340 Entreprenørskap i høgare utdanning og forskning 0350 Entreprenørskap i grunn-og vidaregåande skule <b>0360 Andre tiltak for auka entreprenørskap</b> 0400 Utvik. av utdanningstilbud og kompetanesehevande tiltak for befolkning og samf 0510 Breiband-, mobil- og IKT –tiltak 0520 Vatnforsyning 0530 Transportinfrastruktur 0540 Fysisk kommunal næringsretta infrastruktur 0600 Utvikling av daglege tenester til lokalbefolkninga 0710 Stedsutvikling <b>0720 Profilerings og marknadsføring av eit område</b> 0800 Administrasjons-og gjennomføringskostnader 0900 Andre tiltak			
<b>Kontaktperson</b> Arne-Kristian Teigland	<b>Tlf</b> 913 94 506	<b>Total kostnad i kr</b> 200.000,-	<b>Omsøkt stønad i kr</b> 125.000,-	<b>Innstilling stønad i kr</b> 100.000,-
<b>Samarbeidande</b>	Bygdalarm			

**Vedlagt:** -  
**Framlagt:** Søknad  
**Sakshandsamar:** Leiv Vambheim  
**Vedtaks skal sendas til:** Søkjær, Indre Hordaland Revisjonsdistrikt,

**Tidlegare tilsegn:** Ingen

**Tilråding:**

1. Regionalt Næringsfond Hardanger gjev Bygdagnist under etablering i Hardanger tilsegn om 100.000 kr til utvikling av forprosjektet Bygdagnist med portefølgje.
2. Tilsegn vert administrert av Arne Kristian Teigland.
3. 50 % av tilskottet kan utbetalas når føresegnene for tilsegn er godkjend av søkjær.
4. Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ligga føre.
5. Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i

- samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart
6. Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.
  7. Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein måned etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering
  8. Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast

**Vedtaket kan ikkje ankast.**

### **Søknaden gjeld:**

Arne Kristian Teigland søker på vegne av selskapet Bygdagnist under skiping om etablerarstøtte til forprosjektet Bygdagnist. Forprosjektet skal analysere grunnlaget for og etablere organisasjonen. Dette spring ut av suksessen Bygdalarm som er årleg festival og som RNH støtta med 100.000 kr i oppstarten i 2006. A.K. Teigland er ein av initiativtakarane og driftarane av Bygdalarm. Tanken med Bygdagnist er ein innovativ organisasjon for aktivitet, ungt entreprenørskap og ny arbeidsplassar med fokus på konsulenttenester og kulturproduksjon. Bygdagnist har som oppgåve 1. å føra Bygdamuseet Storeteigen i Kvam attende til bygda og 2. vera prosjektorganisasjon for mellom anna Hardanger 2014, Bulyst og Liv og Lyst.

### **Vurdering:**

Kulturbasert næringsutvikling er en av dei strategiane både Fylkeskommunen og RNH prioriterer og slik innanfor retningslinene. Å få på plass ein organisasjon regionen som har som målsetjing å driva prosjektarbeid og bygdemobilisering, er viktig for lokalmiljøet i Kvam og for Hardanger generelt om ein vel å nytta seg av det. Selskapet har potensiale i seg til å verta det me i lengre tid har tenkt som «festivalkoordinator» til beste for dei mange festivalane i regionen. Forprosjektet er tenkt over 3 månader og skal etablere grunnlaget for selskapet. Kostnaden er 200.000 kr og finansieringa er tenkt 125.000 kr frå RNH og 75.000 kr frå Kvam herad. Av dette er løn 150.000 kr.

Eg meiner at denne etableringa vil vera eit nytt spennande tilskot til kulturbasert næringsutvikling i Hardanger og tilrår å støtta med 100.000 kr som etableringstilskot.

**Forhold til prioriteringar / strategi**  
**Sjå uthevingane ovanfor.**

#### **Potensiale:**

Hardanger har satsa på kulturbasert næringsutvikling som ein strategi. Både for kunstfeltet og det meir allmenne kulturfeltet er dette satsing som skal visa Hardanger som ein kreativ region. Når fleire kulturselskap etablerer seg, vert det større fokus på kulturaktivitet i Hardanger.

#### **Evne til å gjennomføre prosjektet:**

A.K. Teigland og Bygdalarm har vist at dei kan etablere og gjennomføre ein veksande Bygdalarmfestival og har evne til å begeistra og realisera.

### **Konklusjon:**

Eg meiner at denne etableringa vil vera eit nytt spennande tilskot til kulturbasert næringsutvikling i Hardanger og tilrår å støtta med 100.000 kr som etableringstilskot.

REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER 2012

<b>Prosjektnamn:</b> Lille kaffi huset		<b>Reg.nr:</b> 14/12		
<b>Søkjær :</b>  <b>Lille kaffihuset AS</b>	<b>Org.nr / Person nr.:</b>	<b>Dato for reg.:</b>  03/09/12	<b>Samsvar prioritet frå RUP/Hfk:</b> 7. Næringar med særlege føremoner: 7.1. Energi 7.2. Marine næringar 7.3. Maritime næringar <b>7.4. Reiseliv</b> 7.5. Kultur næringar 7.6. Landbruk 8. Verktøykassa for Reg Nær Utvickl 8.1 Innovasjon 8.2 Entreprenørskap 8.3 Næringsretta kompetanse 8.4 Internasjonalisering og marknadsorientering <b>9. Satsing på lokal samfunnsutv.</b>	
<b>Samsvar i strategi frå Hardangerrådet pr 10.11.2005:</b>  <i>1. Nyskaping og kompetanse 2. Industri og internasjonalisering 3. Landbruksbasert bygdeutvikling 4. Kulturbaserte næringar 5. Reiseliv</i>	<b>Hovudkategoriar frå KR D:</b> 0110 Næringsshagar 0120 Inkubatorer(og distribuert inkubatorer 0130 Industriinjkubator 0140 Forsknings-/kunnskapsparke 0150 Nettverk, bransje- og klyngeutvikling 0200 Støtte til etablerte bedrifter, eldre enn 5 år 0250 Transportstøtte 0300 Etableringsstøtte og støtte til bedrifter yng re enn 5 år 0340 Entreprenørskap i høgare utdanning og forskning 0350 Entreprenørskap i grunn-og vidaregåande skule <b>0360 Andre tiltak for auka entreprenørskap</b> 0400 Utvik. av utdanningstilbud og kompetanesehevande tiltak for befolkning og samf 0510 Breiband-, mobil- og IKT –tiltak 0520 Vatnforsyning 0530 Transportinfrastruktur 0540 Fysisk kommunal næringsretta infrastruktur 0600 Utvikling av daglege tenester til lokalbefolkninga 0710 Stedsutvikling 0720 Profilering og marknadsføring av eit område 0800 Administrasjons-og gjennomføringskostnader 0900 Andre tiltak			
<b>Kontaktperson</b>	<b>Tlf</b>	<b>Total kostnad i kr</b>	<b>Omsøkt stønad i kr</b>	<b>Innstilling stønad i kr</b>
Elisabeth Hatland	971 94 527	572.000,-	342.000,-	0,-
<b>Samarbeidande</b>				

**Vedlagt:** -  
**Framlagt:** Søknad  
**Sakshandsamar:** Leiv Vambheim  
**Vedtaks skal sendas til:** Søkjær, Indre Hordaland Revisjonsdistrikt,

**Tidlegare tilsegn:** Ingen

**Tilråding:**

Regionalt Næringsfond Hardanger gjev søknaden frå Lille Kaffihuset i Eidfjord avslag.



*Grunngjevinga av at dette er eit konsept som føreset høg offentleg finansiering, er konkurransevridande overfor andre verksemder i reiselivet og tilfredstillar ikkje retningslinene til RNH.*

**Vedtaket kan ikkje ankast.**

## **Søknaden gjeld:**

Tina Fjetland og Elisabeth Hatland søker RNH om 342.000 kr til oppstart av «Lille Kaffihuset i Eidfjord». Prospektet består av Kafe, Overnatting og Butikk. Dei skal etablere seg i Eidfjord kommune sitt gamle hus «Heggjagarden». Gjennom ein vel filosofert prosjektplan og standard driftsbudsjett, viser dei at ved etablering i jan 2013 vil dei ha overskot etter 3 månader. Gjennom kapitalbudsjett og finansiering av huset, så er det stipulert 1.650.000 kr. Kapitalbehovet i driftskonseptet 572.000 kr. det er til dette siste dei søker tilskot frå RNH om 342.000 , Eidfjord utvikling om 200.000 kr og egenkapital 30.000 kr.

## **Vurdering:**

Dette er søknad om utstyr og marknadsføring av eit nytt kafe-, butikk- og overnattingstilbod i Hardanger. Sjølv om ein i kommunane er avhengig større kafetettleik, så er ny kafe/overnatting/butikkonsept konkurrerende tiltak innan reiseliv i kommunen. Konseptet er kreativt og tiltrekjande og spennande om dei får det til. Dessverre er stønadsbehovet til konseptet 95 % offentleg omsøkt og det klart konkurransevridande i reiselivkommunen Eidfjord. Eg tilrår at søknaden vert avslegen med grunngjevinga av at dette er eit konsept som føreset høg offentleg finansiering i konkurranse med andre verksemder i reiselivet og tilfredstillar ikkje retningslinene til RNH.

### **Forhold til prioriteringar / strategi**

*Sjå uthevingane ovanfor.*

### **Potensiale:**

I følgje konseptplanen er dette eit heilårstilbod i Eidfjord med inntening på sommaren. Trafikk avlar trafikk og dette kan gje auka stoppfrekvens i kommunen. I samband med overnatting, butikk og kafetettleiken i Eidfjord er 95 % offentleg støtte konkurransevridande til eksisterande verksemder.

### **Evne til å gjennomføre prosjektet:**

Begge aktørane har lang erfaring frå serveringsbransjen og Hatland har også drive eige firma. Med entusiasme og stor eigensinnsats kan dei gjennomføra konseptet.

## **Konklusjon:**

*Regionalt Næringsfond Hardanger gjev søknaden frå Lille Kaffihuset i Eidfjord avslag.*

*Grunngjevinga av at dette er eit konsept som føreset høg offentleg finansiering, er konkurransevridande overfor andre verksemder i reiselivet og tilfredstillar ikkje retningslinene til RNH.*

REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER 2012

<b>Prosjektnamn:</b> Vidareutvikling Hardanger Base Camp		<b>Reg.nr:</b> 15/12		
<b>Søkjær :</b>  <b>Hardanger Base Camp</b>	<b>Org.nr / Person nr.:</b>	<b>Dato for reg.:</b> 03/09/12	<b>Samsvar prioritet frå RUP/Hfk:</b> 7. Næringar med særlege føremoner: 7.1. Energi 7.2. Marine næringar 7.3. Maritime næringar <b>7.4. Reiseliv</b> 7.5. Kulturnæringar 7.6. Landbruk 8. Verktøykassa for Reg Nær Utvikl 8.1 Innovasjon <b>8.2 Entreprenørskap</b> 8.3 Næringsretta kompetanse 8.4 Internasjonalisering og marknadsorientering 9. <b>Satsing på lokal samfunnsutvikling</b>	
<b>Samsvar i strategi frå Hardangerrådet pr 10.11.2005:</b>  <i>1. Nyskaping og kompetanse</i> <i>2. Industri og internasjonalisering</i> <i>3. Landbruksbasert bygdeutvikling</i> <i>4. Kulturbaserte næringar</i> <i>5. Reiseliv</i>	<b>Hovudkategoriar frå KR D:</b> 0110 Næringshagar 0120 Inkubatorer(og distribuert inkubatorer 0130 Industriinkubator 0140 Forsknings-/kunnskapsparke 0150 Nettverk, bransje- og klyngeutvikling 0200 Støtte til etablerte bedrifter, eldre enn 5 år 0250 Transportstøtte 0300 <b>Etableringsstøtte og støtte til bedrifter yng re enn 5 år</b> 0340 Entreprenørskap i høgare utdanning og forskning 0350 Entreprenørskap i grunn-og vidaregåande skule 0360 Andre tiltak for auka entreprenørskap 0400 Utvik. av utdanningstilbud og kompetanesehevande tiltak for befolkning og samf 0510 Breiband-, mobil- og IKT –tiltak 0520 Vatnforsyning 0530 Transportinfrastruktur 0540 Fysisk kommunal næringsretta infrastruktur 0600 Utvikling av daglege tenester til lokalbefolkninga 0710 Stedsutvikling <b>0720 Profilering og marknadsføring av eit område</b> 0800 Administrasjons-og gjennomføringskostnader 0900 Andre tiltak			
<b>Kontaktperson</b>	<b>Tlf</b>	<b>Total kostnad i kr</b>	<b>Omsøkt stønad i kr</b>	<b>Innstilling stønad i kr</b>
Robert Koesharto	911 88 237	1.060.00,-	180.000,-	100.000,-
<b>Samarbeidande</b>				

**Vedlagt:** -  
**Framlagt:** Søknad  
**Sakshandsamar:** Leiv Vambheim  
**Vedtak skal sendas til:** Søkjær, Indre Hordaland Revisjonsdistrikt,

**Tidlegare tilsegn: 100.000 kr i oppstartstilskot 2010**

**Tilråding:**

1. *Regionalt Næringsfond Hardanger gjev Hardanger Basecamp i Osa tilsegn om 100.000 kr til vidareutvikling av konseptet. Midlane skal ikkje gå til investering eller drift, men til utviklingstiltak i tråd med søknaden..*
2. *Tilsegn vert administrert av Robert Koesharto*
3. *50 % av tilskottet kan utbetalas når føresegnene for tilsegn er godkjend av søker.*
4. *Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ligga føre.*
5. *Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart*
6. *Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.*
7. *Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering*
8. *Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast*

**Vedtaket kan ikkje ankast.**

## **Søknaden gjeld:**

Hardanger Basecamp i Osa søker RNH om 180.000 kr i utviklingsstøtte for vidareutvikling av konseptet. Frå oppstarten i 2010 har initiativtakar Robert Koesharto frå Belgia utvikla naturbasert turisme i Osa frå ingen ting til forventa omsetjing i 2012 på 400.000 kr. Det er gjort store førebuingar, tilretteleggingar og investeringar i konseptet desse siste åra, og no står neste steg for tur. Planane er mange og vel dokumenterte. Søknaden omfattar tilskot til:

- Opparbeida turisttrafikk Hallingskei – Osa. Hike-Bike-Trial. Merka sti og marknadsføra denne.
- Bruk av Austdalshytta ved Osa med aktivitetar i området. Merka sti til Rembesdalen og marknadsføra denne.
- Utvikling av sjøbaserte aktivitetar ved Osafjorden. Aktivitet på fjorden og marknadsføra desse.
- Nytt program + nye aktivitetar. Stimerking, turkart, sauesanking. Marknadsføring av produkta.
- Vinterprogram i tunnelane (etter Osa Fosskompani).Steinalderprogram, konsertar, klatring/Rapelling, tunnelekskursjon mm. Marknadsføring og organisering av tilboda.

## **Vurdering:**

Etter oppstarten har entusiasten Robeert Koesharto vist at det verkeleg går an å få til ny turistaktivitet i Osa. Det er til tider 6 personar knytt til arbeidet. I tillegg til reiselivsproduktet som han her søker støtte til, så utviklar dei også i Osa lokalmat for sal. I søknaden vert det også vist til oppnådde resultat frå 2010.

Gjennom ein godt gjennomarbeidd søknad søker HBO no støtte til opparbeiding og marknadsføring av 4 konkrete tiltak som skal auka tilbodet til naturaktivitetar og auka attraktiviteten i Osaområdet. Kostnadsoverslaget viser programutforming/stimerking 420.000 kr, marknadsføring og sal 235.000 kr og investeringar 405.000 kr. I alt

1.060.000 kr. Det er tenkt finansiert slik: Eigenkapital 320.000 kr Eigeninnsats 470.000 kr, RNH 180.000 kr, Ulvik herad 40.000 kr og Innovasjon Norge 50.000 kr I retningslinene for RNH skal det ikkje gjevast støtte til investering eller drift. Mykje av omsøkte midlar er til marknadsføring og tilrettelegging av nye tilbod. Dette kan støttast. Eg meiner at også merking av stiar er arbeidsintensiv infrastruktur som kan få støtte. Eg tilrår å støtta søknaden med 100.000 kr

***Forhold til prioriteringar / strategi***

*Sjå uthevinga ovanfor.*

***Potensiale:***

Det er aukande interesse for segmentet naturbaserte opplevingar både hos turistar og lokalbefolkninga. Dette konseptet tek opp ein svært variert tilbodstruktur basert på opplevingane kring Osa i Ulvik.

***Evne til å gjennomføre prosjektet:***

Robert Koesharto har vist stor gjennomføringsevne og har gjennom egne midlar og eigeninnsats skapt eit reiselivstilbod i Osa frå ingen ting til eit stort potensiale.

***Konklusjon:***

*Søknaden om til skot til vidareutvikling av Hardanger Base Camp i Osa vert tøvta med 100.000 kr. HBO har stort potensiale i seg og grunderen ha levert resultat frå oppstarten i 2010.*

REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER 2012

<b>Prosjektnamn:</b> Vidare utvikling av turstiar i Ulvik og Granvin		<b>Reg.nr:</b> 16/12		
<b>Søkjær :</b>  <b>Destinasjon</b> <b>Ulvik</b> <b>Landskapsark</b>	<b>Org.nr /</b> <b>Person nr.:</b>	<b>Dato for</b> <b>reg.:</b>  03/09/12	<b>Samsvar prioritet frå RUP/Hfk:</b> 7. Næringar med særlege føremoner: 7.1. Energi 7.2. Marine næringar 7.3. Maritime næringar <b>7.4. Reiseliv</b> 7.5. Kultur næringar 7.6. Landbruk 8. Verktøykassa for Reg Nær Utvikl 8.1 Innovasjon 8.2 Entreprenørskap 8.3 Næringsretta kompetanse 8.4 Internasjonalisering og marknadsorientering 9. Satsing på lokal samfunnsutvikling	
<b>Samsvar i strategi frå Hardangerrådet pr 10.11.2005:</b>  <i>1. Nyskaping og kompetanse</i> <i>2. Industri og internasjonalisering</i> <i>3. Landbruksbasert bygdeutvikling</i> <i>4. Kulturbaserte næringar</i> <i>5. Reiseliv</i>	<b>Hovudkategoriar frå KR D:</b> 0110 Næringshagar 0120 Inkubatorer(og distribuert inkubatorer 0130 Industriinjkubator 0140 Forsknings-/kunnskapsarkar 0150 Nettverk, bransje- og klyngeutvikling 0200 Støtte til etablerte bedrifter, eldre enn 5 år 0250 Transportstøtte 0300 Etableringsstøtte og støtte til bedrifter yng re enn 5 år 0340 Entreprenørskap i høgare utdanning og forskning 0350 Entreprenørskap i grunn-og vidaregåande skule 0360 Andre tiltak for auka entreprenørskap 0400 Utvik. av utdanningstilbud og kompetanesehevande tiltak for befolkning og samf 0510 Breiband-, mobil- og IKT –tiltak 0520 Vatnforsyning 0530 Transportinfrastruktur 0540 Fysisk kommunal næringsretta infrastruktur 0600 Utvikling av daglege tenester til lokalbefolkninga 0710 Stedsutvikling <b>0720 Profiler og marknadsføring av eit område</b> 0800 Administrasjons-og gjennomføringskostnader 0900 Andre tiltak			
<b>Kontaktperson</b> Tone Tveit	<b>Tlf</b>	<b>Total kostnad i kr</b> 250.000,-	<b>Omsøkt stønad i kr</b> 50.000,-	<b>Innstilling stønad i kr</b> 50.000,-
<b>Samarbeidande</b>	Ulvik landskapsark, Ulvik soge- og grendalag, Ulvik herad, Granvin herad, Hjeltnes vgs, Granvin Turlag, Granvin Sogelag			

**Vedlagt:** -  
**Framlagt:** Søknad  
**Sakshandsamar:** Leiv Vambheim  
**Vedtak skal sendas til:** Søkjær, Indre Hordaland Revisjonsdistrikt,

**Tidlegare tilsegn:** Ingen.

### **Tilråding:**

1. *Regionalt Næringsfond Hardanger gjev Destinasjon Ulvik tilsegn om 50.000 kr til utvikling av turstiar i Ulvik og Granvin.*
2. *Tilsegn vert administrert av Tone Tveit*
3. *50 % av tilskottet kan utbetalas når føresegnene for tilsegn er godkjend av søker.*
4. *Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ligga føre.*
5. *Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart*
6. *Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.*
7. *Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering*
8. *Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast*

**Vedtaka kan ikkje ankast.**

### **Søknaden gjeld:**

Destinasjon Ulvik søker RNH om 50.000 kr til informasjonsskilt på tidlegare merka turstiar i Ulvik og Granvin. I samarbeid med lokale organisasjonar i dei to kommunane er det merka og rydda 9 stiar og 14 andre stiar står for tur. Opprinneleg søknad var til investering i skilt. I revidert budsjett går det fram at søknaden ikkje omfattar investering i skilt, men utarbeiding av kart, skiltplan, innhald på tavler, altså prosjektkostnader på tilsaman 50.000 kr.

### **Vurdering:**

Folkehelse er i fokus i vår tid og turmogelegheiter i nærmiljøet senkar terskelen til å koma seg ut og i aktivitet. Slike tiltak er helsefremjande for lokalbefolkninga og opplevingsaktivitet for gjester i området. Eg tilrår RNH å støtta dette ut frå den generelle verdien det har for kommunane og regionen.

#### **Forhold til prioriteringar / strategi**

*Sjå uthevingane ovanfor.*

#### **Potensiale:**

*Dette er eit tiltak for innbyggjarar og gjester og aukar attraktiviteten i kommunane som nyt godt av tiltaket. I tillegg er det helsefremjande.*

#### **Evne til å gjennomføre prosjektet:**

Destinasjon Ulvik er ein profesjonell organisasjon med næringslivet i Ulvik som eigarar og lang erfaring i å gjennomføra tiltak og aktivitetar.

### **Konklusjon:**

Destinasjon Ulvik får tilskot på 50.000 kr frå RNH 2012. Tilrettelegging og merking av turstiar må tolkast som arbeid med infrastruktur og kan støttast av RNH. Investering i informasjonstavler vert ikkje støtta.

REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER 2012

<b>Prosjektnamn:</b> Vidare utvikling av turstiar i Kvam		<b>Reg.nr:</b> 17/12		
<b>Søklar :</b> Arbeidsgruppa for Reiseliv i Kvam Næringsråd	<b>Org.nr / Person nr.:</b>	<b>Dato for reg.:</b> 03/09/12	<b>Samsvar prioritet frå RUP/Hfk:</b> 7. Næringar med særlege føremoner: 7.1. Energi 7.2. Marine næringar 7.3. Maritime næringar <b>7.4. Reiseliv</b> 7.5. Kulturnæringar 7.6. Landbruk 8. Verktøykassa for Reg Nær Utvikl 8.1 Innovasjon 8.2 Entreprenørskap 8.3 Næringsretta kompetanse 8.4 Internasjonalisering og marknadsorientering 9. Satsing på lokal samfunnsutvikling	
<b>Samsvar i strategi frå Hardangerrådet pr 10.11.2005:</b>  <i>1. Nyskaping og kompetanse</i> <i>2. Industri og internasjonalisering</i> <i>3. Landbruksbasert bygdeutvikling</i> <i>4. Kulturbaserte næringar</i> <b>5. Reiseliv</b>	<b>Hovudkategoriar frå KRD:</b> 0110 Næringsshagar 0120 Inkubatorer(og distribuert inkubatorer 0130 Industriinkubator 0140 Forsknings-/kunnskapsparke 0150 Nettverk, bransje- og klyngeutvikling 0200 Støtte til etablerte bedrifter, eldre enn 5 år 0250 Transportstøtte 0300 Etableringsstøtte og støtte til bedrifter yng re enn 5 år 0340 Entreprenørskap i høgare utdanning og forskning 0350 Entreprenørskap i grunn-og vidaregåande skule 0360 Andre tiltak for auka entreprenørskap 0400 Utvik. av utdanningstilbud og kompetanesehevande tiltak for befolkning og samf 0510 Breiband-, mobil- og IKT –tiltak 0520 Vatnforsyning 0530 Transportinfrastruktur 0540 Fysisk kommunal næringsretta infrastruktur 0600 Utvikling av daglege tenester til lokalbefolkninga 0710 Stedsutvikling <b>0720 Profilerings og marknadsføring av eit område</b> 0800 Administrasjons-og gjennomføringskostnader 0900 Andre tiltak			
<b>Kontaktperson</b>	<b>Tlf</b>	<b>Total kostnad i kr</b>	<b>Omsøkt stønad i kr</b>	<b>Innstilling stønad i kr</b>
Heidi Helgheim	99 69 15 27	650.000,-	50.000,-	50.000,-
<b>Samarbeidande</b>				

**Vedlagt:** -  
**Framlagt:** Søknad  
**Sakshandsamar:** Leiv Vambheim  
**Vedtaks skal sendas til:** Søklar, Indre Hordaland Revisjonsdistrikt,

**Tidlegare tilsegn:** Ingen

### **Tilråding:**

1. *Regionalt Næringsfond Hardanger gjev Kvam Næringsråd ved Arbeidsgruppa for Reiseliv tilsegn om 50.000 kr til vidareutvikling av turstiar i Kvam*
2. *Tilsegn vert administrert av Heidi Helgheim.*
3. *50 % av tilskottet kan utbetalas når føresegnene for tilsegn er godkjend av søkjar.*
4. *Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ligga føre.*
5. *Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart*
6. *Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.*
7. *Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering*
8. *Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast*

**Vedtaket kan ikkje ankast.**

### **Søknaden gjeld:**

Arbeidsgruppa for reiseliv i Kvam Næringsråd søker RNH om 50.000 kr til vidareutvikling av turstinettet i Kvam herad. I samband med Gjensidigestiftinga og Fylkeskommunen så skal det lagast nasjonal standard for slik merking. Det er planlagt 9 trasear fordelte rundt om tettstadane i Kvam med ein kostnad på 650.000 kr., av dette er 400.000 kr kjøp og montering av skilt, 200.000 kr til skitplanar og innhald og 50.000 kr til prosjektleiinga. Finansieringa er RNH 50.000 kr, Gjensidige 150.000 kr, Kvam Næringsråd 250.000 kr, eigeninnsats 150.000 kr og egne prosjektmidlar 50.000 kr.

### **Vurdering:**

Folkehelse er i fokus i vår tid og turmogelegheiter i nærmiljøet senkar terskelen til å koma seg ut og i aktivitet. Slike tiltak er helsefremjande for lokalbefolkninga og opplevingsaktivitet for gjester i området. Eg tilrår RNH å støtta dette ut frå den generelle verdien det har for kommunane og regionen.

### **Forhold til prioriteringar / strategi**

*Sjå uthevingane ovanfor.*

### **Potensiale:**

*Dette er eit tiltak for innbyggjarar og gjester og aukar attraktiviteten i nærområda i Kvam som nyt godt av tiltaket. I tillegg er det helsefremjande.*

### **Evne til å gjennomføre prosjektet:**

Kvam Næringsråd har teke opp i seg tidlegare Kvam Reiselivslag og er ein profesjonell organisasjon med næringslivet i Kvam som eigarar og evne til å gjennomføra tiltak og aktivitetar.

### **Konklusjon:**

Kvam Næringsråd ved Arbeidsgruppa for Reiseliv får tilskot på 50.0000 kr frå RNH 2012. Tilrettelging og merking av turstiar må tolkast som arbeid med infrastruktur og kan støttast av RNH. Investering i informasjonstavler vert ikkje støtta.



REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER 2012

<b>Prosjektnamn:</b> Eplemask-frå avfall til verdifull ressurs		<b>Reg.nr:</b> 18/12		
<b>Søkjær :</b>  <b>Hardanger Saft og Siderfabrikk AS</b>	<b>Org.nr / Person nr.:</b>	<b>Dato for reg.:</b>  03/09/12	<b>Samsvar prioritet frå RUP/Hfk:</b> 7. Næringar med særlege føremoner: 7.1. Energi 7.2. Marine næringar 7.3. Maritime næringar 7.4. Reiseliv 7.5. Kulturnæringar 7.6. Landbruk 8. Verktøykassa for Reg Nær Utvikl <b>8.1 Innovasjon</b> 8.2 Entreprenørskap 8.3 Næringsretta kompetanse 8.4 Internasjonalisering og marknadsorientering 9. Satsing på lokal samfunnsutvikling	
<b>Samsvar i strategi frå Hardangerrådet pr 10.11.2005:</b>  <i>1. Nyskaping og kompetanse</i> <i>2. Industri og internasjonalisering</i> <i>3. Landbruksbasert bygdeutvikling</i> <i>4. Kulturbaserte næringar</i> <i>5. Reiseliv</i>	<b>Hovudkategoriar frå KR D:</b> 0110 Næringshagar 0120 Inkubatorer(og distribuert inkubatorer 0130 Industriinjkubator 0140 Forsknings-/kunnskapsparcar 0150 Nettverk, bransje- og klyngeutvikling <b>0200 Støtte til etablerte bedrifter, eldre enn 5 år</b> 0250 Transportstøtte 0300 Etableringsstøtte og støtte til bedrifter yng re enn 5 år 0340 Entreprenørskap i høgare utdanning og forskning 0350 Entreprenørskap i grunn-og vidaregåande skule 0360 Andre tiltak for auka entreprenørskap 0400 Utvik. av utdanningstilbud og kompetanesehevande tiltak for befolkning og samf 0510 Breiband-, mobil- og IKT –tiltak 0520 Vatnforsyning 0530 Transportinfrastruktur 0540 Fysisk kommunal næringsretta infrastruktur 0600 Utvikling av daglege tenester til lokalbefolkninga 0710 Stedsutvikling 0720 Profiler og marknadsføring av eit område 0800 Administrasjons-og gjennomføringskostnader 0900 Andre tiltak			
<b>Kontaktperson</b> Nils J. Lekve	<b>Tlf</b>	<b>Total kostnad i kr</b> 980.000,-	<b>Omsøkt stønad i kr</b> 800.000,-	<b>Innstilling stønad i kr</b> 100.000 ,-
<b>Samarbeidande</b>				

**Vedlagt:** -  
**Framlagt:** Søknad  
**Sakshandsamar:** Leiv Vambheim  
**Vedtaks skal sendas til:** Søkjær, Indre Hordaland Revisjonsdistrikt,

**Tidlegare tilsegn:** Ja, i samband med siderproduksjonen.

**Tilråding:**

1. Regionalt Næringsfond Hardanger gjev Hardanger Saft og Siderfabrikk tilsegn om 100.000 kr i 2012 til utvikling av prosjektet frå eplemask til brennevin, knytt til konsulenthjelp og legehjelp.
2. Tilsegn vert administrert av Nils Lekve.
3. 50 % av tilskottet kan utbetalas når føresegnene for tilsegn er godkjend av søkjær.
4. Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ligga føre.

5. Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart
6. Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.
7. Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering
8. Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast

**Vedtaket kan ikkje ankast.**

### **Søknaden gjeld:**

Nils Lekve i Hardanger Saft og Siderfabrikk i Ulvik søker RNH om 800.000 kr til utvikling av eplemask til brennevin. I vinlanda er dette kalla Grappa. Vidarefordelinga av brennevinet vil han vurdere etter kvart. Det han no søker midlar til er eit 3 årig prosjekt med utprøving av prosessen frå eplemask til brennevin. HSS har løyve til brennevisnsproduksjon. Prosessen er kjent, men må tilpassast eplemasket og lokale tilhøve. Fagpersonar til konsulentbistand vil han henta frå Frankrike. Finansieringsplanen for dei 3 åra er på 980.000 kr og av desse er 180.000 kr eigenkapital/-innsats og resten vert omsøkt RNH. Kostnadane er 450.000 kr i investeringar og resten i utviklingskostnader som konsulenthjelp og eigeninnsats/leigehjelp.

### **Vurdering:**

Produktspekteret hos HSS og Nils Lekve vert stadig større og selskapet driv med nye utprøvingar. HSS og Nils Lekve har vore pionerar i arbeidet med å løfta Hardanger frå råvareprodusent av eple til foredling og rafinering av eple som produkt. Frå eplemask til brennevin er eit nytt tiltak for å utnytta større deler av epla og la mindre gå til spille. Metoden er kjent, men Nils Lekve treng å læra seg den og utvikla sitt produkt. Til dette søker han Hardangerrådet om medfinansiering. Midlane til investering må ein sjå bort frå, i følgje med regelverket, men utviklingskostnader kan støttast. Normalt så tildeler RNH berre år for år og det betyr at ein her kan vurdere støtte for 2012 og så får HSS vurdere søknadane for dei neste prosjektåra. Eg tilrår RNH å yta 100.000 kr til HSS og Nils Lekve knytt til konsulenthjelp og leigehjelp.

### **Forhold til prioriteringar / strategi**

**Sjå uthevingane ovanfor.**

### **Potensiale:**

I samband med verdiskapinga i Hardanger som lokalprodusent av epleråstoffet er dette eit prosjekt som utnytta epla maksimalt og har potensiale for nye produkt i regionen. Andre regionar som Sogn nyttar fruktmask til brennevin og Hardanger vil få dette til gjennom HSS og vonleg smittar det andre produsentar.

### **Evne til å gjennomføre prosjektet:**

Hardanger Saft og Siderfabrikk ved Nils Lekve har vist gong på gong evne til å gjennomføra ideane sine.

### **Konklusjon:**

Regional Næringsfond Hardanger støttar utviklinga av eplemask til brennevin med 100.000 kr i 2012, knytt til konsulenthjelp og leigehjelp.

REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER 2012

<b>Prosjektnamn:</b> Gimle tapasbar		<b>Reg.nr:</b> 19/12		
<b>Søkjær :</b>  <b>Gro Tyssedalstveit Kollbotn for Grovie AS</b>	<b>Org.nr / Person nr.:</b>	<b>Dato for reg.:</b>  03/09/12	<b>Samsvar prioritet frå RUP/Hfk:</b> 7. Næringar med særlege føremoner: 7.1. Energi 7.2. Marine næringar 7.3. Maritime næringar <b>7.4. Reiseliv</b> 7.5. Kulturnæringar 7.6. Landbruk 8. Verktøykassa for Reg Nær Utvikl 8.1 Innovasjon 8.2 Entreprenørskap 8.3 Næringsretta kompetanse 8.4 Internasjonalisering og marknadsorientering <b>9. Satsing på lokal samfunnsutvikling</b>	
<b>Samsvar i strategi frå Hardangerrådet pr 10.11.2005:</b>  <i>1. Nyskaping og kompetanse</i> <i>2. Industri og internasjonalisering</i> <i>3. Landbruksbasert bygdeutvikling</i> <i>4. Kulturbaserte næringar</i> <b>5. Reiseliv</b>	<b>Hovudkategoriar frå KRD:</b> 0110 Næringsshagar 0120 Inkubatorer(og distribuert inkubatorer 0130 Industriinkubator 0140 Forsknings-/kunnskapsparke 0150 Nettverk, bransje- og klyngeutvikling 0200 Støtte til etablerte bedrifter, eldre enn 5 år 0250 Transportstøtte <b>0300 Etableringsstøtte og støtte til bedrifter yng re enn 5 år</b> 0340 Entreprenørskap i høgare utdanning og forskning 0350 Entreprenørskap i grunn-og vidaregåande skule 0360 Andre tiltak for auka entreprenørskap 0400 Utvik. av utdanningstilbud og kompetanesehevande tiltak for befolkning og samf 0510 Breiband-, mobil- og IKT –tiltak 0520 Vatnforsyning 0530 Transportinfrastruktur 0540 Fysisk kommunal næringsretta infrastruktur 0600 Utvikling av daglege tenester til lokalbefolkninga 0710 Stedsutvikling 0720 Profilering og marknadsføring av eit område 0800 Administrasjons-og gjennomføringskostnader 0900 Andre tiltak			
<b>Kontaktperson</b> Gro Tyssedals - tveit Kollbotn	<b>Tlf</b> 958 16 848	<b>Total kostnad i kr</b> 1.705.000,-	<b>Omsøkt stønad i kr</b> 250.000,-	<b>Innstilling stønad i kr</b> 0,-
<b>Samarbeidande</b>				

**Vedlagt:** -  
**Framlagt:** Søknad  
**Sakshandsamar:** Leiv Vambheim  
**Vedtaks skal sendas til:** Søkjær, Indre Hordaland Revisjonsdistrikt,

**Tidlegare tilsegn:** Ingen

### **Tilråding:**

*Regionalt Næringsfond Hardanger gjev søknaden frå Gimle Tapas Bar avslag. Grunngevinga av at søknaden omfattar investeringstilskot som ikkje kan gjevast i høve retningslinene til RNH. Tilskot vil dessutan vera konkurransevridande overfor andre verksemder i reiselivet i Odda.*

**Vedtaket kan ikkje ankast.**

### **Søknaden gjeld:**

Gro Tyssedalstveit Kollbotn søker RNH om 250.000 kr til å etablere ein kafe i Odda, «Gimle tapas bar» i huset Tyssdalsvegen 2 (mellom DNB og Espeland). Der har vore kafe tidlegare. I samband med ny bydel ved Almerke langs Opo er det viktig å få etablert attraktivt sentrum med høg trivselsfaktor. Møtestader og utestader/kafetilbodet er viktig for Odda som regionsenter.

Gro og Victor Emanuel Andreu er heimflytta oddingar som ønskjer å bidra med eit slikt tilbud i Odda sentrum og er innstilte på hard jobbing. Dei har laga eit driftsbudsjett med årelg omsetnad på 1,5 mill kr og som skal gå i pluss i år 3.

Søknaden gjeld støtte investering med 250.000 kr frå RNH av ei total investering på 1.705.000 kr. Dei reknar i tillegg med dugnad verdt 450.000 kr.

### **Vurdering:**

Det er klart behov for gode møteplassar i eit regionsenter som Odda. Om dette tiltaket supplerer eller konkurrerer med andre serveringstader i kommunen, vil berre tida visa, men støtte til ny kafe er konkurransevridande. Søknaden omfattar investeringstøtte ,og det er det ikkje rom for i vedtektene.

### **Forhold til prioriteringar / strategi**

*Sjå uthevingane ovanfor.*

### **Potensiale:**

*Eit av attraktivitetskriteria i Attraktivitetsbarometeret til Telemarkforskning er kafetettleiken. Altså bør det vera potensiale til fleire utestader i Odda som regionsenter.*

### **Evne til å gjennomføre prosjektet:**

I søknaden verkar det som dei er innstilte på hard jobbing og lite overskot første 3 åra, så grunnlaget er tilstades.

### **Konklusjon:**

*RNH kan ikkje yta tilskot til konkurransevridande investering og søknaden får avslag.*

REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER 2012

<b>Prosjektnamn:</b> Samarbeidsseminar og kurs for Hardangerungdom		<b>Reg.nr:</b> 20/12		
<b>Søkjær :</b> Fonنافest	<b>Org.nr / Person nr.:</b>	<b>Dato for reg.:</b> 03/09/12	<b>Samsvar prioritet frå RUP/Hfk:</b> 7. Næringar med særlege føremoner: 7.1. Energi 7.2. Marine næringar 7.3. Maritime næringar 7.4. Reiseliv <b>7.5. Kulturnæringar</b> 7.6. Landbruk 8. Verktøykassa for Reg Nær Utvikl 8.1 Innovasjon 8.2 Entreprenørskap 8.3 Næringsretta kompetanse 8.4 Internasjonalisering og marknadsorientering 9. Satsing på lokal samfunnsutvikling	
<b>Samsvar i strategi frå Hardangerrådet pr 10.11.2005:</b>  <i>1. Nyskaping og kompetanse</i> <i>2. Industri og internasjonalisering</i> <i>3. Landbruksbasert bygdeutvikling</i> <i>4. Kulturbaserte næringar</i> <i>5. Reiseliv</i>	<b>Hovudkategoriar frå KR D:</b> 0110 Næringshagar 0120 Inkubatorer(og distribuert inkubatorer 0130 Industriinjkubator 0140 Forsknings-/kunnskapsparcar 0150 Nettverk, bransje- og klyngeutvikling 0200 Støtte til etablerte bedrifter, eldre enn 5 år 0250 Transportstøtte 0300 Etableringsstøtte og støtte til bedrifter yng re enn 5 år 0340 Entreprenørskap i høgare utdanning og forskning 0350 Entreprenørskap i grunn-og vidaregåande skule <b>0360 Andre tiltak for auka entreprenørskap</b> 0400 Utvik. av utdanningstilbud og kompetanesehevande tiltak for befolkning og samf 0510 Breiband-, mobil- og IKT –tiltak 0520 Vatnforsyning 0530 Transportinfrastruktur 0540 Fysisk kommunal næringsretta infrastruktur 0600 Utvikling av daglege tenester til lokalbefolkninga 0710 Stedsutvikling 0720 Profilerings og marknadsføring av eit område 0800 Administrasjons-og gjennomføringskostnader 0900 Andre tiltak			
<b>Kontaktperson</b>	<b>Tlf</b>	<b>Total kostnad i kr</b>	<b>Omsøkt stønad i kr</b>	<b>Innstilling stønad i kr</b>
Øyvind Sollesnes	900 35 642	55.000,-	20.000,-	20.000,-
<b>Samarbeidande</b>				

**Vedlagt:** -  
**Framlagt:** Søknad  
**Sakshandsamar:** Leiv Vambheim  
**Vedtaks skal sendas til:** Søkjær, Indre Hordaland Revisjonsdistrikt,

**Tidlegare tilsegn:** Ingen

**Tilråding:**

1. Regionalt Næringsfond Hardanger gjev Fonنافest i Hardanger tilsagn 20.000 kr til utvikling av samarbeidsseminar for Hardangerungdom. Midlane kan gå til leige av utstyr og lokale, men og til reisestøtte for aktørar.

2. *Tilsegn vert administrert av Øyvind Sollesnes*
3. *Tilskottet kan utbetalas når føresegnene for tilsegn er godkjend av søker.*
4. *Ved avslutta prosjekt skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ligga føre.*
5. *Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart*
6. *Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.*
7. *Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering*
8. *Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast*

**Vedtaka kan ikkje ankast.**

### **Søknaden gjeld:**

Fonنافest er ein rusfri nonprofit musikk- og aktivitetsfestival for ungdom frå 14 år og oppover. Fonنافest er eit frivillig lag og i utvikling. Fonنافest går av stabelen for 3. gong den 22.juni 2013. I samarbeid med Hardanger Ungdomsråd vil ein leggja den årlege aktivitetshelga til HU samstundes med festivalen. Det vert halde seminar i den samanhengen med innhald som: Samarbeidsmetode( samanspleising og felles mål) og kurs i arrangementsavvikling. Fonنافest søker om 20.000 kr i støtte til seminaret av eit budsjett på 55.000 kr. til leige av utstyr og lokale, men og til reisestøtte for aktørar.

### **Vurdering:**

Ungdomen vår er framtidens innbyggjarar, politikarar og næringslivsfolk og det er viktig at dei vert samanrisla til å kjenna kvarandre, regionen og mogelegheitene i Hardanger. Fonنافest er eit slikt tiltak og seminaret fokuserer på kompetanseheving for ungdomane i mellom anna nettverksbygging. Eg tilrår søknaden og presiserer at midlane kan gå til leige av utstyr og lokale, men og til reisestøtte for aktørar.

### **Forhold til prioriteringar / strategi**

*Sjå uthevingane ovanfor.*

### **Potensiale:**

*Samanspleising og kompetanseutvikling hos dei unge i Hardanger er investering for framtida og det er viktig å leggja vekt på deira oppleving av framtidsregionen Hardanger.*

### **Evne til å gjennomføre prosjektet:**

Øyvind Sollesnes og Fonنافest har vist at dei gjennomfører festivalen med glans og eit seminar i Fonنافest vil gå greitt.

### **Konklusjon:**

*RNH støttar samarbeidseminaret under Fonنافest 2013 med 20.000 kr.*

REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER 2012

<b>Prosjektnamn:</b> Vidareutvikling av Hardanger Ungdomsråd		<b>Reg.nr:</b> 21/12		
<b>Søkjær :</b>  <b>Hardanger Ungdomsråd</b>	<b>Org.nr / Person nr.:</b>	<b>Dato for reg.:</b>  03/09/12	<b>Samsvar prioritet frå RUP/Hfk:</b> 7. Næringar med særlege føremoner: 7.1. Energi 7.2. Marine næringar 7.3. Maritime næringar 7.4. Reiseliv 7.5. Kulturnæringar 7.6. Landbruk 8. Verktøykassa for Reg Nær Utvikl 8.1 Innovasjon 8.2 Entreprenørskap 8.3 Næringsretta kompetanse <b>8.4 Internasjonalisering og marknadsorientering</b> 9. Satsing på lokal samfunnsutvikling	
<b>Samsvar i strategi frå Hardangerrådet pr 10.11.2005:</b>  <i>1. Nyskaping og kompetanse</i> <i>2. Industri og internasjonisering</i> <i>3. Landbruksbasert bygdeutvikling</i> <i>4. Kulturbaserte næringar</i> <i>5. Reiseliv</i>	<b>Hovudkategoriar frå KRD:</b> 0110 Næringshagar 0120 Inkubatorer(og distribuert inkubatorer 0130 Industriinkubator 0140 Forsknings-/kunnskapsparke 0150 Nettverk, bransje- og klyngeutvikling 0200 Støtte til etablerte bedrifter, eldre enn 5 år 0250 Transportstøtte 0300 Etableringsstøtte og støtte til bedrifter yng re enn 5 år 0340 Entreprenørskap i høgare utdanning og forskning 0350 Entreprenørskap i grunn-og vidaregåande skule 0360 Andre tiltak for auka entreprenørskap 0400 Utvik. av utdanningstilbud og kompetanesehevande tiltak for befolkning og samf 0510 Breiband-, mobil- og IKT –tiltak 0520 Vatnforsyning 0530 Transportinfrastruktur 0540 Fysisk kommunal næringsretta infrastruktur 0600 Utvikling av daglege tenester til lokalbefolkninga 0710 Stedsutvikling 0720 Profilerings og marknadsføring av eit område 0800 Administrasjons-og gjennomføringskostnader <b>0900 Andre tiltak</b>			
<b>Kontaktperson</b> Trude L. Rinaldo	<b>Tlf</b> 489 54 550	<b>Total kostnad i kr</b>	<b>Omsøkt stønad i kr</b> 280.000,-	<b>Innstilling stønad i kr</b> 140.000,-
<b>Samarbeidande</b>	Aktiv Ungdom			

**Vedlagt:** -  
**Framlagt:** Søknad  
**Sakshandsamar:** Leiv Vambheim  
**Vedtaks skal sendas til:** Søkjær, Indre Hordaland Revisjonsdistrikt,

**Tidlegare tilsegn: Oppstart-tilskot 50.000 kr frå Hardangerrådet**

**Tilråding:**

1. Regionalt Næringsfond Hardanger gjev Hardanger Ungdomsråd tilsagn om 140.000 kr i prosjektstøtte for 2012.
2. Tilsegn vert administrert av Hardangerrådet iks ved Trude Rinaldo.

3. 50 % av tilskottet kan utbetalas når føresegnene for tilsegn er godkjend av søker.
4. Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ligga føre.
5. Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart
6. Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.
7. Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering
8. Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast

**Vedtaket kan ikkje ankast.**

## **Søknaden gjeld:**

Hardanger Ungdomsråd søker RNH om 280.000 kr for 2012 og 2013 til vidareutvikling av rådet og gjennomføring av Demokratiprojektet, Aktivitetshelga 2013 og utvikla prosjektet «Europa i Hardanger 2014». HU er det regionale samarbeidsorganet for Ungdomsråda i dei 7 Hardangerkommunane-/herada og har fokus på demokratisk rådsarbeid for å kjenna det politiske og offentlege systemet i regionen gjennom deltaking. Dette krev koordineringsressursar og aktivitetsressursar. HU er leadpartner i det internasjonale demokratiprojektet saman med Greve in Chianti, Italia.

HU søker RNH om 140.000 kr årleg i 2012 og 2013 til prosjektleiar.

## **Vurdering:**

Hardanger Ungdomsråd er initiert av Hardangerrådet for å skapa ei overbygning over ungdomsråda i Hardanger. Rådet fungerer godt, har 6 møte i året og arrangerer aktivitetshelg for samanrisling, samt ulike prosjekt for erfaringskunnskap. Aktivitetsomfanget er så pass stort at dei har sett det nødvendig å tilsetja ein prosjektleiar for primært ungdomsprojektet. Til dette vert det søkt støtte frå RNH. Eg ser ikkje kva konkret næringseffekt dette vil ha, men på sikt er dette framtida for regionen, også for næringslivet. At dei har internasjonal fokus og erfaring er nyttig kompetanse å ha med seg.

### **Forhold til prioriteringar / strategi**

*Sjå uthevingane ovanfor.*

### **Potensiale:**

*HU representerer dei framtidige generasjonane i Hardanger og demokratisk og internasjonal erfaring frå samarbeidsprosjekt er nyttig for framtida for regionen.*

### **Evne til å gjennomføre projektet:**

HU har sekretariat i Hardangerrådet og HR står for det administrative arbeidet i HU. Prosjektkoordinatør vert innleigd gjennom Eidfjord kommune.

## **Konklusjon:**



REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER 2012

*Støtte til Hardanger Ungdomsråd sine utadvendte aktiviteter er satsing for i framtida i regionen. Eg tilrår RNH å støtta HU med 140.000 kr i 2012-*

REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER 2012

<b>Prosjektnamn:</b> Hardanger 2014		<b>Reg.nr:</b> 22/12		
<b>Søkjær :</b>  Hardangerrådet som prosjekteigar	<b>Org.nr / Person nr.:</b>	<b>Dato for reg.:</b>  03/09/12	<b>Samsvar prioritet frå RUP/Hfk:</b> 7. Næringar med særlege føremoner: 7.1. Energi 7.2. Marine næringar 7.3. Maritime næringar 7.4. Reiseliv <b>7.5. Kulturnæringar</b> 7.6. Landbruk 8. Verktøykassa for Reg Nær Utvikl 8.1 Innovasjon 8.2 Entreprenørskap 8.3 Næringsretta kompetanse 8.4 Internasjonalisering og marknadsorientering 9. Satsing på lokal samfunnsutvikling	
<b>Samsvar i strategi frå Hardangerrådet pr 10.11.2005:</b>  <i>1. Nyskaping og kompetanse</i> <i>2. Industri og internasjonalisering</i> <i>3. Landbruksbasert bygdeutvikling</i> <b>4. Kulturbaserte næringar</b> <i>5. Reiseliv</i>	<b>Hovudkategoriar frå KR D:</b> 0110 Næringsshagar 0120 Inkubatorer(og distribuert inkubatorer 0130 Industriinjkubator 0140 Forsknings-/kunnskapsparke 0150 Nettverk, bransje- og klyngeutvikling 0200 Støtte til etablerte bedrifter, eldre enn 5 år 0250 Transportstøtte 0300 Etableringsstøtte og støtte til bedrifter yng re enn 5 år 0340 Entreprenørskap i høgare utdanning og forskning 0350 Entreprenørskap i grunn-og vidaregåande skule 0360 Andre tiltak for auka entreprenørskap 0400 Utvik. av utdanningstilbud og kompetanesehevande tiltak for befolkning og samf 0510 Breibands-, mobil- og IKT –tiltak 0520 Vatnforsyning 0530 Transportinfrastruktur 0540 Fysisk kommunal næringsretta infrastruktur 0600 Utvikling av daglege tenester til lokalbefolkninga 0710 Stedsutvikling <b>0720 Profilerings og marknadsføring av eit område</b> 0800 Administrasjons-og gjennomføringskostnader 0900 Andre tiltak			
<b>Kontaktperson</b>	<b>Tlf</b>	<b>Total kostnad i kr</b>	<b>Omsøkt stønad i kr</b>	<b>Innstilling stønad i kr</b>
Leiv Vambheim	53 67 14 50	400.000	200.000	200.000.-
<b>Samarbeidande</b>				

**Vedlagt:** -  
**Framlagt:** Søknad  
**Sakshandsamar:** Leiv Vambheim  
**Vedtaks skal sendas til:** Søkjær, Indre Hordaland Revisjonsdistrikt,

**Tidlegare tilsegn:** Ja til forprosjektet i Hardangerlokk i Flytt til Hardanger.

**Tilråding:**

1. Regionalt Næringsfond Hardanger gjev Hardangerrådet iks tilsagn om 200.000 kr for 2013 til utvikling av prosjektet Hardanger 2014.
2. Tilsegn vert administrert av Leiv Vambheim

3. 50 % av tilskottet kan utbetalas når føresegnene for tilsegn er godkjend av søker.
4. Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ligga føre.
5. Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart
6. Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.
7. Regionalt Næringsfond Hardanger ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering
8. Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast

**Vedtaket kan ikkje ankast.**

### **Søknaden gjeld:**

Hardangerrådet iks søker RNH om støtte i 2012 til hovudprosjektet Hardanger 2014. Arbeidet med Hardanger si deltaking i 200 årsjubileet for Grunnlova har vore jobba lenge med. Etter kvart har det utkrystallisert seg ei retning der ein i Hardanger vil satsa på kunst og kultur som identitetsbyggjaren i nasjonen Noreg dei siste 200 åra. Hardanger 2014 vil visa seg gjennom etablerte festivalarrangement i Hardanger i 2014. Det vert arbeidd med å få til ein organisasjon og ein dagleg leiar til å stå for koordinering, ideskaping, samarbeid og produksjonsstøtte. Føremålet til prosjektet i Hardanger vil bidra til Grunnlovsjubileet med kvalitativ kunst og kultur gjennom mangfald, nyskaping og ikkje-materiell kulturarv som kan føra til regional utvikling av Hardanger.

### **Vurdering:**

Hardangerrådet iks har overteke arbeidet med Hardanger 2014 etter Hardangerlokk administrert av Kvam herad. Det har vist seg å vera tungrodd og vanskeleg å koma med i nasjonale prosjekt og økonomiske ordningar i samband med Grunnlovsjubileet. Einaste er at H 2014 er nemnt i revidert nasjonalbudsjett 2012. Dette er nok eit arbeid Hardangerregionen må stå for sjølve. Slik sett tenkjer me oss å etablere eit sekretariat for å stå for framdrift og gjennomføring etter modell av «HaugeTveitt-Jubileet». Eg tilrår RNH å støtta Hardanger 2014 med 200.000 kr for arbeidet i 2013.

### **Forhold til prioriteringar / strategi**

*Sjå uthevingane ovanfor.*

### **Potensiale:**

Dette er eit profileringsprosjekt for å setja Hardanger i fokus som nasjonsbyggjar i 2014.

### **Evne til å gjennomføre prosjektet:**

Hardangerrådet har lang erfaring som prosjekteigar.

### **Konklusjon:**

*Viss ein vil visa fram Hardanger som del av grunnlovsjubileet i 2014, så er det nødvendig å satsa her. Eg tilrår å løyva 200.000 kr til prosjektet for 2013.*

REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER 2012

<b>Prosjektnamn:</b> Opplev frukt og bær - rundt neste sving		<b>Reg.23/12nr:</b>		
<b>Søkjær :</b>  Reisemål Hardanger Fjord	<b>Org.nr / Person nr.:</b>	<b>Dato for reg.:</b> 0309/12	<b>Samsvar prioritet frå RUP/Hfk:</b> 7. Næringar med særlege føremoner: 7.1. Energi 7.2. Marine næringar 7.3. Maritime næringar <b>7.4. Reiseliv</b> 7.5. Kultur næringar <b>7.6. Landbruk</b> 8. Verktøykassa for Reg Nær Utvikl 8.1 Innovasjon 8.2 Entreprenørskap 8.3 Næringsretta kompetanse 8.4 Internasjonalisering og marknadsorientering 9. Satsing på lokal samfunnsutvikling	
<b>Samsvar i strategi frå Hardangerrådet pr 10.11.2005:</b>  <i>1. Nyskaping og kompetanse</i> <i>2. Industri og internasjonalisering</i> <b>3. Landbruksbasert bygdeutvikling</b> <i>4. Kulturbaserte næringar</i> <b>5. Reiseliv</b>	<b>Hovudkategoriar frå KR D:</b> 0110 Næringsshagar 0120 Inkubatorer(og distribuert inkubatorer 0130 Industriinjkubator 0140 Forsknings-/kunnskapsparke 0150 Nettverk, bransje- og klyngeutvikling 0200 Støtte til etablerte bedrifter, eldre enn 5 år 0250 Transportstøtte 0300 Etableringsstøtte og støtte til bedrifter yng re enn 5 år 0340 Entreprenørskap i høgare utdanning og forskning 0350 Entreprenørskap i grunn-og vidaregåande skule 0360 Andre tiltak for auka entreprenørskap 0400 Utvik. av utdanningstilbud og kompetanesehevande tiltak for befolkning og samf 0510 Breiband-, mobil- og IKT –tiltak 0520 Vatnforsyning 0530 Transportinfrastruktur 0540 Fysisk kommunal næringsretta infrastruktur 0600 Utvikling av daglege tenester til lokalbefolkninga 0710 Stedsutvikling <b>0720 Profilerings og marknadsføring av eit område</b> 0800 Administrasjons-og gjennomføringskostnader 0900 Andre tiltak			
<b>Kontaktperson</b> Hans Jørgen Andersen	<b>Tlf</b> 56 55 38 70	<b>Total kostnad i kr</b> 735.000,-	<b>Omsøkt stønad i kr</b> 165.000,-	<b>Innstilling stønad i kr</b> 100.000.-
<b>Samarbeidande</b>				

**Vedlagt:** -  
**Framlagt:** Søknad  
**Sakshandsamar:** Leiv Vambheim  
**Vedtaks skal sendas til:** Søkjær, Indre Hordaland Revisjonsdistrikt,

**Tidlegare tilsegn: Ulike prosjekt tidlegare år. 2011 til Hardangerkart og Gjesteundersøking**

**Tilråding:**

1. RNH gjev prosjektet «Opplev frukt og bær i Hardanger» tilsagn om 100.000 kr i prosjektleiing og marknadsarbeid for tredje prosjekt år 2013.
2. Tilsegn vert administrert av Reisemål Hardanger Fjord AS
3. 50 % av tilskottet kan utbetalas når føresegnene for tilsegn er godkjend av søkjær.
4. Ved sluttutbetaling skal revidert prosjektrekneskap og sluttrapport ligga føre.

5. Dersom prosjektet ikkje vert fullfinansiert, vil ein be om at revidert budsjett i samsvar med endra budsjetttrammer vert lagt fram før prosjektstart
6. Tilsegn fell bort om det ikkje er kravd utbetalt eitt år etter tilsegnsdato.
7. RNH ber om skriftleg tilbakemelding om aksept av vedtekt seinast ein månad etter motteke tilsegn med stadfesting av tilfredsstillande, oppnådd finansiering
8. Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalt dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden. Regionalt Næringsfond Hardanger vil ta endeleg avgjerd i slike saker. Slike avgjersler kan ikkje ankast

**Vedtaket kan ikkje ankast.**

## **Søknaden gjeld:**

I Hardanger som betydeleg frukt- og bærregion i landet var det sett 1. oktober 2010 i gang eit prosjekt for å auka bruken av frukt- og bær ressursane i reiselivet i Hardanger. Prosjektet har hovudfokus på marknadsføring, men også fokus på nettverksbygging, erfaringsutveksling, samordning og samarbeid. Det er eit delmål å auka omsetnaden og lønsemda for deltakarane frå heile miljøet i nedslagsfeltet som er dei 7 Hardangerkommunane/-herada. Målsetjinga var minimum 20 deltakarar. Prosjektet skal gå over 2 år og Regionalt Næringsfond Hardanger er omsøkt med 200.000 kr totalt av ei kostnadsramme på 2.368.000,- kr. Prosjektet fekk 100.000 kr i støtte frå RNH i 2010 og 75.000 k i 2011. No søker prosjektet om 165.000 kr frå RNH for eit 3. prosjektår etter revidert prosjektplan. Totalbudsjettet er på 735.000 kr og «hovudprosjektet frukt og bær rundt neste sving» har løyvd 500.000 kr til 2013. Det er reduksjon frå dei to førre prosjektåra, og det må prosjektet tilpassa seg.

## **Vurdering:**

Dette er både eit landbruksbasert reiselivsprosjekt med sannsynleg god nytte for "Fruktbare Hardanger". Prosjektplanen viser eit godt gjennomtenkt prosjekt med tiltak som set mykje fokus på frukt og bær frå Hardanger. Her skal RHF ha styringa og prosjektleiinga, men kampanjen skal vera omfattande nasjonalt og dels internasjonalt, saman med både Innovasjon Norge og Fjord Norge. Her arbeider to store næringsvegar i Hardanger saman om felles tiltak, og dei har levert ein statusrapport pr. 20.06.12 som syner at dei gjennomfører etter haldningsplanen. Prosjektet er en del av landbruksoppgjeret i Noreg. Med avgrensa ressursar til disposisjon og tidlegare støtte til prosjektet så tilrår eg å gje tilsagn om 100.000 kr for 2013.

### **Forhold til prioriteringar / strategi**

*Sjå uthevingane ovanfor.*

### **Potensiale:**

Marknadsføring er kampen om å verta sett mellom dei mange andre dyktige tilbydarane. Her skal brukast varierte marknadskanalar og slik sett vil ein ha potensiale for å nå ut til store kunde grupper. Det er også eit delmål å auka omsetning og lønsemd. Til det trur eg at produktutvikling er vel så nyttig.

### **Evne til å gjennomføre prosjektet:**

RHF er ein dyktig prosjektorganisasjon som har god erfaring med marknadsførings-tiltak. Når dette er ein del av eit nasjonalt arbeid, så trengs slike organisasjonar.

## **Konklusjon:**

*Prosjektet har framdrift etter planen, og eg tilrår RNH å løyva 100.000 kr for tredje prosjekt året 2013.*

REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER 2012

<b>Prosjektnamn:</b> Etablererstøtte til Buer		<b>Reg.nr:</b> 24/12		
<b>Søkjær :</b>  <b>Elisabeth W. Buer</b>	<b>Org.nr / Person nr.:</b>	<b>Dato for reg.:</b>  03/09/12	<b>Samsvar prioritet frå RUP/Hfk:</b> 7. Næringar med særlege føremoner: 7.1. Energi 7.2. Marine næringar 7.3. Maritime næringar <b>7.4. Reiseliv</b> 7.5. Kulturnæringar <b>7.6. Landbruk</b> 8. Verktøykassa for Reg Nær Utvikl 8.1 Innovasjon 8.2 Entreprenørskap 8.3 Næringsretta kompetanse 8.4 Internasjonalisering og marknadsorientering 9. Satsing på lokal samfunnsutvikling	
